

Verdiar i Høievassdraget, Tysvær kommune i Rogaland

VVV-rapport 2000 - 4



Utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med
Noregs vassdrags- og energidirektorat, Tysvær kommune og Fylkesmannen i Rogaland

Refererast som:

Tysvær kommune og Fylkesmannen i Rogaland 2000. Verdier i Høievassdraget, Tysvær kommune i Rogaland. Utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med Noregs vassdrag- og energidirektorat. VVV-rapport 2000-4. Trondheim 42 sider, 4 kart+vedlegg.

Forside foto: "Utmark på Høiestølen", John Morten Klingstøl, Tysvær kommune

Forside layout: Knut Kringstad

Verdiar i Høievassdraget, Tysvær kommune i Rogaland

Vassdragsnr.: 039.71

Verneobjekt: 039/1

Verneplan IV

VVV-rapport 2000-4

Tittel <i>Verdiar i Høievassdraget</i>	Dato <i>Kunnskapsstatus pr. oktober 1998</i>	Antall sider <i>42 s., 4 kart + vedlegg</i>
Forfatter <i>John Morten Klingsheim</i>	Institusjon <i>Tysvær kommune/Fylkesmannen i Rogaland</i>	Ansvarlig sign <i>Per Terje Haaland</i>
TE-nr. <i>882</i>	ISSN-nr <i>1501-4851</i>	ISBN-nr. <i>82-7072-389-4</i>
Vassdragsnavn <i>Høievassdraget (Haugevassdraget)</i>	Vassdragsnummer <i>039.71</i>	VVV-Rapport nr. <i>2000-4</i>
Vernet vassdrag nr <i>039/1</i>	Antall objekter/omr <i>14</i>	Fylke <i>Rogaland</i>
Antall delområder med	Nasjonal verdi (***)	Regional verdi (**)
	<i>1</i>	<i>0</i>
		Lokal verdi(*)
		<i>2</i>
		Potensiell verdi (-)
		<i>11</i>

EKSTRAKT

Høievassdraget i Tysvær kommune i Rogaland er verna vassdrag nr 039/1 i verneplan for vassdrag IV (utgjør kring en tredel av eininga 039.71 i Regineregistret). Vassdraget er verna som eit typisk kystvassdrag i Nord-Rogaland. I denne rapporten er det gjort opp kunnskapsstatus innan natur og kulturminne i vassdraget. I tillegg til innsamling av registrert kunnskap er det gjort nye undersøkingar innan botanikk, kulturlandskap og kulturminne. Vassdraget er delt inn i fire delområde. Den sentrale utmarka frå Ådnafjellet til Høievatnet, delområde 2, har nasjonal (N) verneverdi med grunnlag i biologisk mangfald. I tillegg er det registrert 10 objekt, der 2 er gitt lokal verneverdi innan friluftsliv. Dei resterande 3 delområda og 7 objekta inneheld verdier for kulturminne og kulturlandskap. Verdiane innan disse fagfelte er ikkje klassifisert, men aktuelle kriterier for kvart einskild delområde og objekt er angitt. Arbeidet vart avslutta oktober 1998 med denne rapporten. Kystheilandskapet med småskala jordbruk og lite tekniske inngrep gir vassdraget verdi som kulturlandskap. Elles er verdiar innan biologisk mangfald særskilt viktige i utmarka. Nedslagsfeltet er mykje nytta til friluftsliv, særleg av lokalbefolkninga.

VVV-prosjektet (Verdiar i verna vassdrag) er initiert av Direktoratet for Naturforvaltning (DN) og Noregs Vassdrags- og energidirektorat (NVE). Formålet er å kartleggje og synleggjere verneverdiane for å leggje til rette for ei god forvaltning av areala knytt til verna vassdrag. Fylkesmannen i Rogaland presenterer i denne rapporten, i samarbeid med Tysfjord kommune, dokumentasjon av kjende verdiar i Høievassdraget

SUMMARY IN ENGLISH

Høievassdraget, in the Municipality of Tysvær in Rogaland county, is watercourse no. 039/1 in "Plans of preserved water courses IV". It is preserved as a typical coastal watercourse in Northern Rogaland. Knowledge on nature and cultural matter within the watercourse have been summarised and evaluated. In addition to this, new research has been performed on botany and objects of cultural matter. The watercourse has been divided in four areas. The central field from Ådnafjell to lake Høievatnet, area no. 2, has national value (N) within biological diversity. 10 objects are described, where three of these have local value as recreation areas. Area no. 1, 3 and 4 together with other objects are given value based on cultural matters. Values within these subject matters have not been ranged, but criteria, which should be considered, have been noted for each area and object. The project was ended in October 1998. On cultural matters, the coastal heather with small-scale farming and few large technical elements, are subjects of great value within the area. Values on biological diversity are considerable in the outlying field. Mainly local people also appreciate the heather as recreation area. This report is meant to give an account of values within the area of Høievassdraget, and give basis for a good usage of the area.

The Directorate for Nature Management (DN) and The Norwegian Water Resources and Energy Directorate (NVE) has established a project «The values of nature protected areas». The County Governor of Rogaland in co-operation with the Municipality of Tysvær, has made this report about the many values that is naturally occurring in Høievassdraget.

STIKKORD PÅ NORSK

*Prossesser og former skapt av is og vann
Biologisk mangfald; kysthei, rødliste art
Landskapsbilde; kulturlandskap
Friluftsliv
Kulturminne/-miljø*

KEYWORD IN ENGLISH

*Geomorphology
Biodiversity and Ecology; heather, red list species
Forms of Landscapes, Cultural scenery
Outdoor Recreation
Cultural Heritage and the Historical Landscape*

FØREORD

Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er i fellesskap ansvarlege for prosjektet »Verdiar i verna vassdrag» (VVV-prosjektet). Føremålet er å gjere kunnskapen om verdiane lettare tilgjengeleg for kommunar og andre som forvaltar verna vassdrag med nærområde. Etter at Stortinget 1. april 1993 vedtok Verneplan IV for vassdrag, er 341 vassdragsobjekt verna mot kraftutbygging. Stortinget har gjentekne gonger streka under at verneverdiane i dei verna vassdraga ikkje må forringast av andre inngrep. Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for verna vassdrag vart vedteke 10. november 1994. Retningslinjene gir kommunar, fylkeskommunar og statlege styresmakter rammer for si forvaltning.

VVV-prosjektet skildrar verdiar innan prosessar og former skapt av vatn og is, biologisk mangfald, landskapsbilete, friluftsliv og kulturminne/miljø og skal ut frå eksisterande kunnskap synleggjere dei viktigaste verdiane. I tillegg kan det òg finnast andre verdiar som er viktige for vernet. I prosjektet vert det laga vassdragsvise rapportar som gir ein oversiktleg presentasjon av viktige område i tekst og på kart. Informasjonen i rapportane vil seinare verte tilgjengeleg med digitale kartdata over Internett eller frå fylkesmannen. Ansvar for utarbeiding av den enkelte rapport ligg hovudsakleg til fylkesmannen i vedkomande fylke.

Høievassdraget (Haugevassdraget) har sidan vedtak i Stortinget 1. april 1993 vore verna mot vasskraftutbygging. Utarbeidinga av denne rapporten er utført av Tysvær kommune i samarbeid med miljøvernavdelinga ved fylkesmannen i Rogaland. John Martin Klingsheim, som har vore engasjert av kommunen for å jobbe med VVV-prosjektet, har stått for utarbeidinga av rapporten. Denne rapporten viser kunnskapsstatus per i dag. Rapporten presenterer god og oppdatert dokumentasjon av kjende verdiar som finst i og ved Høievassdraget.

Trondheim-Stavanger-Oslo

*Direktoratet for naturforvaltning
naturbruksavdelingen*

*Noregs vassdrags- og energidirektorat
vassdragsavdelingen*

*Ola Skauge
avdelingsdirektør*

*Are Mobæk
avdelingsdirektør*

*Fylkesmannen i Rogaland
miljøvernavdelinga*

*Odd Kjos-Hansen
Fylkesmiljøvernsjef*

INNHALD

FØREORD

SAMANDRAG

1. INNLEIING	12
1.1. AMBISJONAR OG PRIORITERINGAR	12
1.2. GENERELL FRAMSTILLING AV VASSDRAGET	12
1.3. OPPLYSNINGAR OM AREAL	13
1.4. OPPLYSNINGAR OM HYDROLOGI	13
2. PROSESSAR OG FORMER SKAPT AV IS OG VATN	13
2.1 VASSDRAGSELEMENT	13
2.2 GEOFAGLEGE ELEMENT	13
2.3 UTVALDE DELOMRÅDE OG OBJEKT	14
3. BIOLOGISK MANGFALD	14
3.1 VASSKVALITET	14
3.2 FERSKVASSBIOLOGI	14
3.3 FISK	14
3.4 BOTANIKK	15
3.4.1 Vassvegetasjon	16
3.4.2 Utmarka (delområde 2, 3, og 4)	18
3.4.3 Innmarka (delområde 1)	19
3.4.4 Kystvegetasjon	21
3.4.5 Vurdering av verdiar	21
3.5 VILT	22
3.6 NATURVERN	22
3.7 UTVALDE DELOMRÅDE OG OBJEKT	22
4. LANDSKAPSBILETE	23
4.1 LANDSKAPSREGION. SÆRPREG	23
4.2 KJENDE LANDSKAPSBILETE	23
4.3 VERDIFULLE KULTURLANDSKAP	23
4.3.1 Innmarka (delområde 1)	23
4.3.2 Utmarka - kystheiar (delområde 2, 3 og 4)	27
4.4 LANDBRUK I VASSDRAGET	28
4.4.1 Kysthei - Beita kulturlandskap	28
4.4.2 Skogplanting	29
4.5 LANDSKAP MED VASSDRAGSNÆRE KULTURMINNE	30
4.6 UTVALDE DELOMRÅDE OG OBJEKT	30
5. FRILUFTSLIV	30
5.1 FRILUFTSOMRÅDE	30
5.2 HYTTTER, STINETT, PILGRIMSLEIER	30
5.3 JAKT OG FISKE	31
5.4 UTVALDE DELOMRÅDE OG OBJEKT	31
6. KULTURMINNE	31
6.1 FLØYTINGSMINNE	31
6.2 NEDLAGDE KRAFTVERK	32
6.3 SAGER, MØLLER, KVERNER	32
6.3.1 Høieelva	32
6.3.2 Vågabekken	32
6.3.3 Andre kverner i vassdraget	32
6.4 ANDRE KULTURMINNE	32
6.4.1 Torvveg frå Høie til Haukås (objekt 7)	32

6.4.2	<i>Vaulen og torvhus (objekt 8)</i>	33
6.4.3	<i>Skamånå (objekt 9)</i>	33
6.4.4	<i>Gardsanlegg, Revursdalen (objekt 14)</i>	33
6.5	UTVALDE DELOMRÅDE OG OBJEKT	34
7.	KVA TRUGAR VERNEVERDIANE	34
7.1	KYSTHEIA	34
7.1.1	<i>Tilgroing og skogplanting i kystheia</i>	34
7.1.2	<i>Gjødsling</i>	34
7.1.3	<i>Bygging av hytter og hus</i>	35
7.2	VILTBIOTOP.....	35
7.3	VASSDRAGSSTRENGEN.....	35
7.4	SLATTEENGER.....	35
8.	LITTERATUR	36
9.0	KRITERIUM OG VERDISETJING BRUKT I RAPPORTEN	38
9.1.	METODE FOR UTPEKING OG GRADERING AV VERDI.....	39
10.0	TEMAVISE KART MED OVERSIKT OVER DELOMRÅDE	41
	VEDLEGG 1. REGISTRERINGSSKJEMA	
	VEDLEGG 2: ARTSLISTE	

SAMANDRAG

Høievassdraget i Tysvær kommune i Rogaland er verna vassdrag nr 039/1 i verneplan for vassdrag IV (utgjør kring ein tredel av eininga 039.71 i Regineregisteret). Vassdraget er verna som eit typisk kystvassdrag i Nord-Rogaland. I denne rapporten er det gjort opp kunnskapsstatus innan natur og kulturminne i vassdraget. I tillegg til innsamling av registrert kunnskap er det gjort nye undersøkingar innan botanikk, kulturlandskap og kulturminne.

Vassdraget er delt inn i fire delområde. Den sentrale utmarka frå Ådnafjellet til Høievatnet, delområde 2, har nasjonal (N) verneverdi med grunnlag i biologisk mangfald. I tillegg er det registrert 10 objekt der 2 er gitt lokal verneverdi innan friluftsliv. Dei resterande 3 delområda og 7 objekta inneheld verdier med hensyn til kulturminne og kulturlandskap. Verdiane innan desse fagområda er ikkje klassifisert, men aktuelle kriterie for kvart einskild delområde og objekt er angitt. Arbeidet vart avslutta oktober 1998 med denne rapporten.

Kystheilandskapet med småskala jordbruk og lite tekniske inngrep gir vassdraget verdi som kulturlandskap. Elles er verdier innan biologisk mangfald særskilt viktige i utmarka. Nedslagsfeltet er mykje nytta til friluftsliv, særleg av lokalbefolkninga. Me ønskjer med denne rapporten å gje eit oversyn over verdier i Høievassdraget og leggja til rette for ei god forvaltning av areala knytt til vassdraget.

Rapporten inneheld 5 hovudgrupper av fagtema:

<i>Prosessar og former skapt av is og vann*</i>	
<i>Biologisk mangfald</i>	<i>(kap. 3)</i>
<i>Landskapsbilete</i>	<i>(kap. 4)</i>
<i>Friluftsliv</i>	<i>(kap. 5)</i>
<i>Kulturminne</i>	<i>(kap. 6)</i>

*Høievassdraget er ikkje vurdert som særleg interessant eller verneverdig i kategorien prosessar og former skapt av is og vatn. Dei fleste deler av landet er forma og skapt av is og vatn og området kvalifiserer ikkje for kriterie i denne kategorien av verdier.

Dei faglege tema vert vurdert etter VVV-faglege kriterie (hovudkriterie og delkriterie for kvart fagtema), og er deretter sortert etter 3 verdikategoriar:

*Nasjonal verdi (***)*

*Regional verdi (**)*

Lokal verdi ()*

Potensiell/ikkje gradert verdi (-)

Natur- og kulturverdiar i Høievassdraget, framstilt i korte trekk (kap. 10 Temavise kart med oversikt over delområde):

Biologisk mangfald. Delområde	Verneverdi	Kart nr.	Dokumentasjon	Side i rapporten
2. Sentral utmark (RPR klasse 3)	***Nasjonal	1	God	7

Landskapsbilete. Delområde og objekt	Verneverdi	Kart nr.	Dokumentasjon	Side i rapporten
1. Innmark (RPR klasse 2)	-	2	Akseptabel	12
2. Sentral utmark (RPR klasse 3)	*** Nasjonal	2	God	16
3. Utmark i sør (RPR klasse 3)	-	2	God	16
4. Utmark i nord (RPR klasse 3)	-	2	God	16
10. Vassenden, gardstun	-	2	Akseptabel	13
11. Nordtveit bruk 2, gardstun	-	2	Akseptabel	13
12. Høietre, husmannsplass	-	2	Akseptabel	14
13. Slåtteenger	-	2	Akseptabel	15

Friluftsliv. Objekt	Verneverdi	Kart nr.	Dokumentasjon	Side i rapporten
5. Sti til Ådnafjell	* Lokal	3	God	19
6. Storsåt	* Lokal	3	God	20
7. Torvveg frå Haukås til Høie	-	3	God	20

Kulturminne. Objekt	Verneverdi	Kart nr.	Dokumentasjon	Side i rapporten
7. Torvveg frå Haukås til Høie	-	4	God	21
8. Vaulen (kanal) og torvhus	-	4	Akseptabel	22
9. Skamånå, kanal frå Vodlavatnet	-	4	Akseptabel	22
14. Revursdalen, gardsanlegg	-	4	Akseptabel	22

1. INNLEIING

1.1. *Ambisjonar og prioriteringar*

Denne rapporten skal gi eit oversyn over verdiar innan natur og kulturminne knytt til Høievassdraget (kalla Haugevassdraget i Verneplan IV). Rapporten er utarbeidd i samsvar med rettleiaren "Dokumenterte verneverdiar i verna vassdrag" (VVV-prosjektet), førebels utgåve frå september 1997. Hovudmotivet for dette prosjektet er å dokumentera verdiane i dei verna vassdraga og gjera dei meir synlege for at bruken av vassdraga ikkje skal kome i konflikt med verneverdiane.

I 1994 kom rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag med instruks til kommunene om å klassifisera og forvalte vassdraget og nærliggjande arealer innan eit definert vassdragsbelte. Retningslinene dannar grunnlaget for forvaltninga av Høievassdraget saman med denne kunnskapsstatusen.

I rapporten er det lagt hovudvekt på dokumenterte verdiar langs vassdraget og verdiar som er sett som grunnlag for vernet av vassdraget. Det har vore naudsynt å fylla ut manglar i kunnskapsgrunnlaget, særleg innan planteliv på land og i vassdraget. Det er og samla ny kunnskap innan kulturlandskap og kulturminne i delområda.

Verdiar er i rapporten verdsett ut frå kriteria i rettleiaren og i samarbeid med kommunen og Miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen. Verdiar knytt til kulturminne og kulturlandskap er vurderte, men ikkje verdsett etter skalaen nytta elles i rapporten. Innan kulturminne og kulturlandskap er det gitt ei framstilling av delområde og objekt, der aktuelle kriterie berre er markerte. Det er ikkje nytta fagleg kompetanse frå Fylkeskommunen, og framstillinga er først og fremst ei markering av at delområda og objekta inneheld verdiar innan desse kategoriane. Ein ønskjer at det seinare vert gjort ei fagleg vurdering av desse verdiane.

Fleire av verdiane i kulturlandskapet er sterkt knytt til landbruk i nedslagsfeltet. Det er difor sett av eit eige avsnitt om landbruk i vassdraget (kapittel 4.4).

1.2. *Generell framstilling av vassdraget*

Høievassdraget er verna i verneplan for vassdrag IV (NOU1991 12A-B) som eit typisk vestnorsk kystvassdrag i Nord-Rogaland. Vassdraget ligg på Haugalandet, sentralt på halvøya mellom Førlandsfjorden og Førresfjorden og renn ut i Førresfjorden (kartblad: M711 1113I, UTM 32VKL945 842 - KL984 881).

Vassdraget ligg i eit område utan industri og med få tyngre tekniske inngrep i landskapet. Nedslagsfeltet er klart todelt. Innmarka og bustadområdet nær Førresfjorden utgjer ein mindre del, medan utmarka utgjer den største delen. Av tyngre tekniske inngrep i utmarka er det to kraftliner. Ei line kryssar nedslagsfeltet i nordvest, og ei ligg rett sør for nedslagsfeltet. I tillegg er det ein del plantefelt i utmarka. Plantefelta hindrar ikkje at landskapet ber preg av å vera vestnorsk kysthei. Heilandskapet har truleg dominert sidan beitebruk og sviing gradvis fjerna skogen for 2000-3000 år sidan (Eide og Paus 1982). Utmarka er no truga av tilgroing og preget av kysthei er avhengig av vidare drift av lynghæia.

1.3. Opplysningar om areal

Høievassdraget er eit lite kystvassdrag med eit nedslagsfelt på 9 km². Det er 21 større og mindre vatn i vassdraget knytt saman av elvar og bekker (14 vatn er tatt med i REGINE-eininga 039.71). Heile vassdraget ligg i Tysvær kommune. Mykje av nedslagsfeltet er utmark til gardane på austsida ved Førlandsfjorden og vestsida ved Førresfjorden. Grensa mellom desse gardane var fram til 1965 kommunegrensa mellom Avaldsnes og Tysvær. Utmarka er no delt på til saman kring 70 bruk i Tysvær kommune. I tillegg inngår innmarka til Nordtveitgardane og deler av innmarka til gardane Høie, Kallevik og Våga i nedslagsfeltet.

Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag legg opp til ei differensiert forvaltning av vassdraget med vasstreng og nedslagsfelt. Vassdraget skal inndelast i tre klassar blant anna etter grad av menneskelege inngrep. Innmarka med bygningar i vest (delområde 1) høyrer til RPR klasse 2, medan utmarka (delområda 2-4) i aust tilhøyrer RPR klasse 3 der delområde 2 har høgast prioritet og krev størst varsemd med omsyn på inngrep og aktivitet i nedslagsfeltet.

1.4. Opplysningar om hydrologi

Høievassdraget består av tre greiner som samlast i Vodlavatnet. Ei grein startar frå austre Langavatnet i nord, ei frå Ådnavatnet og ei frå Ramslitjørna lengst sør. Alle vatna er relativt grunne. Dei største er Ådnavatnet og Ulvatnet i aust, Vågavatnet nordvest i nedslagsfeltet og Vodlavatnet, Lindevatnet og Høievatnet i sørvest nærast Førresfjorden.

Fallet i vassdraget er relativt lite, men ei gjennomsnittleg årleg nedbørsmengd på noko over 1500 mm (Førland 1993) på 9 km² har gitt kraft til mange kvernhus i bekker og elvar. Austre Langavatnet ligg øvst på 95 m.o.h. Vassdraget har ikkje vore nytta til kraftutbygging.

Austre Langavatnet er klart næringsfattig (oligotroft), medan hovuddelen av vassdraget har noko meir tilførsel av næring (mesotroft) med ein del utvikla sumpvegetasjon. Fattig berggrunn gir i hovudsak lite næringstilførsel til vassdraget.

2. PROSESSAR OG FORMER SKAPT AV IS OG VATN

2.1 Vassdragsselement

Landskapet er prega av ei jamn flate utan bratte vassfall. Frå dei øvste vatna renn vatn gjennom fuktige heiar og myrar, berre delvis i tydelege elvefar. Høieelva nedst i vassdraget har størst vassføring, særleg på seinsommaren og hausten. Det er ikkje funne verneverdige vassdragsselement, men det er få tyngre inngrep i og langs vassdraget. Heile vassdraget er eit godt sikra typevassdrag og inneheld mange verdiar innan landskapsbilete/kulturminne (kapittel 4.5).

2.2 Geofaglege element

Høievassdraget utgjør ein del av det jamne landskapet på Haugalandet. Dei høgaste toppane er Ramsli (135m), Ådnafjellet (126m) og Stegaberg (116m). Området er typisk for Haugalandet med tynt jordsmonn fattig på lausmasse. Berggrunnen består for det meste av kaledonske tungt forvittra gneisar. Den marine grensa går ved kring 40 meter, og det relativt flate landskapet har kanskje vore ei strandsone under deler av dei siste istidene (Anundsen m.fl. 1987). Landskapet er truleg skapt gjennom fleire prosessar, iserosjon, bølgjenedbryting og

frostsprenging i havoverflata, men det er ikkje funne grunnlag for verneverdiar innan geofaglege element.

2.3 Utvalde delområde og objekt

Høievassdraget er ikkje vurdert som særleg interessant eller verneverdig i kategorien prosesar og former skapt av is og vatn. Dei fleste deler av landet er forma og skapt av is og vatn og området kvalifiserer ikkje for kriteria i denne kategorien av verdiar.

3. BIOLOGISK MANGFALD

3.1 Vasskvalitet

Blant anna godt utvikla sumpvegetasjon i mange av vatna viser at det er ein del næring i vatna (mesotrofe – middels næringsrike vatn). Dette gjeld særleg dei nedste vatna, Høievatnet, Lindevatnet, Vodlavatnet og Vågavatnet. Austre Langavatnet skil seg ut, og er klart næringsfattig (oligotroft).

Vassdrag på Sørvestlandet har i lang tid vorte tilført næring, særleg svovel og nitrogen, gjennom nedbøren. Kontinuerlege målingar frå ukalka deler av Vikedalselva i Vindafjord kommune kan gi oss ein peikepinn på forsureninga i Høievassdraget (SFT 1997, 1998).

Vikedalselva har dei siste åra hatt ein gjennomsnittleg pH på 5.59 (1992-1996). Det er funne ein nedgang i mengd ikkje-marin sulfat på 30% i Vikedalselva frå 1980 til 1997. Også konsentrasjonen av bly, kadmium og sink i nedbør har gått tilsvarande ned. Dette har ført til ein klar nedgang i labilt Al i vassdraget (uorganisk Al, den forma som er mest giftig for fisk og andre akvatiske organismar). Nedgangen i labilt Al ser ut til å ha flata ut i 1993-97. pH og innhaldet av nitrogen har ikkje gått tilsvarande ned (gjennomsnitt for 1992-96 i Vikedalselva er målt til 158 NO₃ µg N/l).

3.2 Ferskvassbiologi

Det er ikkje kjend undersøkingar av ferskvassbiologi i Høievassdraget. Undersøkingar av planktoniske og littorale krepsdyr i Røyravatnet i Vikedalsvassdraget (SFT 1997, 1998) tyder på at dette vatnet har moderate forsureningsskadar. Undersøkingar av invertebrater i botnfaunaen tyder og på at det er store forsureningsskadar i ukalka deler av vassdraget, sjølv om trenden dei siste åra har vore positiv. Dette er nok og eit representativt bilete for Høievassdraget.

Ei undersøking av ferskvassbiologi frå Storavatnet, Årvikselva og Sandvikvatnet ved Kårstø frå 1982 (Bakken 1982) er truleg og eit interessant grunnlag å samanlikne med om det seinare vert gjort tilsvarande undersøkingar i Høievassdraget.

Det er muleg at nokre av dei øvste vatna i vassdraget er naturleg fisketomme, noko som har stor verknad på ferskvassbiologien.

3.3 Fisk

Det vert i dag fiska etter bekkeare og sjøare i fleire av vatna i Høievassdraget; mest frå Vågavatnet, Høievatnet og Lindevatnet på vestsida. Sjøare går iallfall opp i nedste delen av vassdraget (Høievatnet, Lindevatnet og Vodlavatnet).

Fiskeinnsatsen har variert noko og difor og storleiken på fisken. Røye er ikkje kjend fiska frå vassdraget. Ein nedgang i labilt Al, noko som er målt i Vikedalsvassdraget dei siste åra (SFT 1998), kan ha verka positivt på fisk i Høievassdraget.

3.4 Botanikk

Under rapportarbeidet er det gjennomført undersøkingar av vegetasjonen i vassdraget og nedslagsfeltet. Ei detaljert skildring av vegetasjonstypar i vassdraget er difor med i rapporten (kapittel 3.4.1 – 3.4.4). Artsliste over påviste karsporeplantar og frøplantar følgjer som vedlegg 3. Namn på artar følgjer Norsk Flora (Elven 1994). Nemnde vegetasjonstypar viser hovudsakleg til tilsvarande einingar frå 'Vegetasjonstyper i Norge' (Fremstad 1997). Nokre deler av vassdraget er betre undersøkt enn andre og talet av artar ville ha stige noko om ein auka innsatsen i undersøkinga. Vegetasjon i og langs vatna er best undersøkt, medan særleg kantvegetasjon og gardstuna er gitt låg prioritert.

Nedslagsfeltet er delt inn i 9 kategoriar som inneheld ulike vegetasjonstypar (Tab 2.1) der artsinventaret er kartlagt. Enkelte kategoriar som vassvegetasjon, kystvegetasjon og myr er relativt eintydige og snevre, medan kategorien innmark inneheld mange ulike vegetasjonstypar.

Det er til saman funne 218 artar av karsporeplantar og frøplantar i dei undersøkte områda. Av desse artane er 79 funne i tørrheia, medan 140 artar er funne i innmarka. Dette er ikkje høge artstal, og særleg utmarka inneheld få artar og vegetasjonstypar. Tidlegare undersøkingar (Steinnes 1988b) viser og til få artar og låg botanisk verneverdi.

Mange parti med purpurlyng er funne i heile området, først og fremst i sørlege og austlege hellingar. Av andre artar særleg knytte til den atlantiske kystsona (eu-oseaniske artar, Moen m.fl. 1992) er det funne mykje fagerperikum og heistorr, mindre kusymre og revebjølle; eføy er funne berre på ein lokalitet. Blodtopp, hassel, knollerteknapp, krypvier, skogkarse og øyrevier er artar med ei sørsørvestleg utbreiing i Noreg.

Heile nedslagsfeltet ligg på seint forvitra bergartar som gir lite næringstilførsel og lite grunnlag for ein næringskrevjande flora. Det er likevel botanisk interessante parti i vassdraget. Særleg vil eg nemna parti av tidlegare slåtteeenger, blant anna ei eng ved Høietre med artane loppestorr, hjartegras og kamgras.

Tabell 3.1 9 kategoriar med ulike vegetasjonstypar. Artar funne i dei ulike kategoriene står i vedlegg 3.

Kategori	Vegetasjon
<i>Vassvegetasjon</i>	Vasskant- og vassvegetasjon.
<i>Elvevegetasjon</i>	Vegetasjon i og langs bekker og elvar.
<i>Myr</i>	Fattig og mellomrik myr.
<i>Fukthei</i>	Fuktheivegetasjon.
<i>Tørrhei</i>	Tørrheivegetasjon, og innslag av rasmarkvegetasjon.
<i>Naturleg lauvskog</i>	Ospeskog i sørhelling.
<i>Innmark</i>	Beitemark og slåttemark med ulik grad av kultivering og beite. Beitemark er utan tresjikt eller har tresjikt med hassel og oppslag av bjørk og einer. Tråkk- og kantvegetasjon.
<i>Slåtteeeng</i>	Gamle unytta slåtteeenger.
<i>Kystvegetasjon</i>	Kystvegetasjon nord og sør for utløpet av vassdraget.

3.4.1 Vassvegetasjon

Vassvegetasjon veks i opne vassmassar, i permanent våt mark eller mark som vert tørrlagt i korte periodar. Flaumvegetasjon som kjem under vatn i periodar med høg vasstand er og med. Overgangen mellom flaumvegetasjon og tilgrensande vegetasjon kan vera både eit skarpt skilje og ein meir flytande overgang.

Nokre av dei øvre vatna er truleg oligotrofe med få artar og lite utvikla sumpvegetasjon. Særleg austre Langavatnet er oligotroft, men grunne mesotrofe vatn dominerar med ein god del utvikla sumpvegetasjon. Det er likevel funne få næringskrevjande artar.

Når ein kjem nedover i vassdraget kjem fleire artar inn langs elver og bekkar, mest iaugefalande er grøftesoleie, flaskestorr, mjødukt og takrøyr. Av artar som krev noko meir næring er det funne myrsaulauk og dikevasshår.

Vegetasjonen langs vatna varierer i stor grad med eksposisjon. Eksponerte stader har lite utvikla vassvegetasjon. Eit klart skilje går og mellom stader der vassvegetasjonen grensar til beita mark og der den grensar til ubeita hei og myr. Artane frå nærliggjande vegetasjonen går gjerne inn i vass- og sumpvegetasjonen.

3.4.1.1 Vasskantvegetasjon

Store deler av vasskantvegetasjonen er **fattig utforming av kortskotstrand**. Dette er i stor grad glissen vegetasjon på flate parti. Jordsmonnet er gjerne finkorna materiale som i korte eller lengre periodar ligg under vatn. I fuktige parti finn ein gjerne grøftesoleie, grønstorr, krypsev, kvitmyrak, myrfiol, paddesev, rome, soldoggartar og stjernestorr. Soldoggartane kan dominera heilt der det er finkorna sediment. I tørrare deler kjem ofte pors, ryllsev og slåttestorr sterkt inn. I parti med kulturbeite ned til stranda kjem gjerne beiteartar inn i strandbelte. Blant anna engsoleie, hønsegras, myrtistel og åkerminneblom.

Liknande vegetasjon finn ein og fleire stader langs bekkene der marka regelmessig vert overfløymd. Vegetasjonen kallast gjerne **fukt-utforming av urte- og grasøyr**. Grøftesoleie, grønstorr, krypkvein, paddesev og ryllsev kan her ha stor dominans. Grøftesoleie veks gjerne ut i bekketaket saman med mannasøtegras og krypsev. Elles er kjeldeurt funnen i denne vegetasjonstypen nær utløpet frå Vågavatnet.

Ein særprega type kortskotstrand finn ein i Ramslitjørna som har eit breitt belte med vegetasjon kring tjørna. Her er mudderbotn og vasstanden har sukke ein del då bekkene frå vatnet vart graven ut. Her dominerar grønstorr sterkt som pionerart i det opne mudderet, men dei andre artane nemnd ovanfor kjem og inn.

I nedre deler av Vågabekken kjem dikevasshår sterkt inn i kantvegetasjonen. Denne arten er noko næringskrevjande og ein har her ei **rikare utforming av kortskotstrand**.

Mannasøtegras er ein art som står i store koloniar kring Vågavatnet og Ådnavatnet, og langs mange av bekkene i vassdraget. Dette graset veks gjerne godt ut i vatna der det ikkje er for djupt.

Elvesnelle-storr-sump finn ein utvikla langs alle vatna i vassdraget i tre ulike utformingar.

1) **Elvesnelle-utforming** finn ein med elvesnelle i rein bestand og saman med duskull og flaskestorr. Det vakre partiet ved utløpet til Høievatnet med elvesnelle og gulldusk og noko flytebladsvegetasjon klassifiserar ein gjerne og som Elvesnelle-utforming av Elvesnelle-storr-sump.

2) **Flaskestorr-utforminga** finn ein mykje av i Høievassdraget. Saman med flaskestorr finn ein her gjerne bukkeblad, duskull, myrhatt og myrklegg. Denne vegetasjonen dominerar som sumpvegetasjon i store deler av vatna. I søre Hesttjørna går den langt ut i vatnet. I nokre parti blant anna i Vågavatnet kjem mannasøtegras og myrsaulauk og inn i flaskestorrsumpa. Langs Høievatnet, Lindevatnet og austre Langavatnet er **elvesnelle-storr-sump** lite utvikla. I austre Langavatnet kjem trådstorr inn i staden for flaskestorr, men denne arten går ikkje ut på djupt vatn så som flaskestorr.

3) **Sevaksutforming** av elvesnelle-storr-sump med mjuksevaks finst spreidd i vassdraget. Denne vegetasjonen finn ein i små parti på middels eksponert strand og i grunne, rolege bekker i øvre deler av vassdraget.

Takrøyrsump finn ein utvikla fleire stader i Høievassdraget. Den største populasjonen av takrøyr finn ein i mudderstranda i sørenden av Vågavatnet. Artar som elles kjem sterkt inn her er botnegras, flaskestorr, gul nøkkerose og myrklegg. Ein finn og gytjeblererot inne i takrøyrsumpa. I grunne deler av takrøyrsumpa dominerar grønnstorr, myrklegg og soldoggartane, med mindre mengder av kvitmyrak, mjuksevaks, rome og ryllsev.

Det er lite utvikla skog kring bekker og elvar i vassdraget. Langs Høieelva er det eit parti med kraftig kantvegetasjon med tresjikt/busksjikt av hassel, hegg, sommareik, og øyrevier saman med kratthumleblom, mjødurt og skogburkne. Nokre stader i beita innmark, mindre i utmarka, er det oppslag av bjørk, einer og rogn langs bekkene.

Langs deler av Høievassdraget er den typiske vasskantvegetasjonen fråverande. Delvis går tilgrensande vegetasjon heilt til vasskanten og vassstrengen, gjerne heivegetasjon, myrvegetasjon eller planta skog. Andre stader ligg berget i dagen ned til vasskanten, berre tilgrodd av algar og lav.

3.4.1.2 Vassvegetasjon

Flytebladsvegetasjon finn ein i alle vatna og i rolege parti av bekkene. Ein har tre utformingar; 1) **nøkkeroseutforminga** har størst utbreiing, med både gul og kvit nøkkerose i dominans i vatna. I bekkene dominerar kvit nøkkerose. I Vodlavatnet dekkjer nøkkeroser store deler av vassflata. 2) **Vanleg tjønnaks-utforming** av flytebladsvegetasjon er utbreidd i bekkene, men har og store koloniar i fleire av vatna; blant anna på austsida av Vågavatnet, i søre Hesttjørna og i sørenden av Vodlavatnet. 3) **Flotgrasutforming** med flotgras og vanleg tjønnaks, er funnen i eit lite parti av Vågabekken, men har truleg større utbreiing.

I store deler av vassdraget kjem det inn **krypsevvegetasjon**. Krypsev dominerar gjerne heilt, men ofte er det innslag av gytjeblererot og mjuksevaks. Krypsevvegetasjonen finn ein i grunne, litt eksponerte bukter, og i store deler av bekkene der straumen er svak. Krypsev har kraftig forgreina skot og kan veksa på djupt vatn. I det øvre partiet av bekken frå Ramslitjørna er det **krypsevvegetasjon** der det i tillegg kjem inn myrsaulauk og småblererot.

I heile vassdraget finn ein **kortskotvegetasjon** langs stranda. Denne vegetasjonen går gjerne og inn mellom annan sumpvegetasjon. Det er botnegras som dominerar men det er usikkert om, og i kor stor grad brasmegras kjem inn. Denne arten er ikkje påvist men undersøkingane har vore relativt spreidde. Botnegras/brasmegras kjem og inn i mange deler av bekkene der det ikkje er sterk straum og nok djupne.

Dei fleste bekkene har parti der det er god straum av vatn. Her kjem ulike elvemosar inn i ein vegetasjon som kallast **mose-sjøbotn**. Mosane vekst gjerne på steinar og fast substrat, men det

er ikkje kartlagt kva artar av mose som kjem inn. Desse bekkepartia er oftast omgitt av hei- og myrvegetasjon som dekkjer heile bekkefarete.

Langskotvegetasjon som gjerne kjem inn i rikare eutrofe vatn, er ikkje funne i vassdraget. Vasspest er heller ikkje funnen, ein art som har blitt eit aukande problem i distriktet med påfølgjande tilgroing av grunne vatn.

3.4.2 Utmarka (delområde 2, 3, og 4)

Nedslagsfeltet til Høievassdraget ligg i den atlantiske kystheisona. Utmarka er ein mosaikk av myrar, fukthei og tørrhei. Det er og ein del ope berg i dagen. I sørvest dominerar tørrhei med mykje røsslyng og lite innslag av blåtopp, særleg på Høiestølen og sør og aust for Lindevatnet og Høievatnet. Kjem ein austover, opp på flaten nær Hallsteinsvatnet og Såttjønna, aukar andelen fuktheiar og flatmyrar noko. Her aukar innslaget av blåtopp raskt og blåtopp dominerar i store område med større innslag av røsslyng berre på dei tørraste partia. Lenger nord, frå Hallsteinsvatnet til vestre Langavatnet er det ei ganske jamn flate med mykje fukthei og flatmyrar. Her dominerar særleg klokkelyng, men blåtopp kjem og sterkt inn. Områda sør for Ramslitjønna og søraust for Ulvavatnet er i hovudsak kulturbeite, men med noko myr, tørrhei og planta skog.

Øvre deler av utmarka inneheld ein del plantefelt i nord og sør. Det er i hovudsak utmarka lengst frå gardane som er tilplanta med barskog. Områda kring Hallsteinsvatnet, Ulvavatnet og nord til Hestvatnet er i stor grad planta til med furu og noko lerk. Forutan dette området er det eit større plantefelt lenger nord, frå Ådnafjellet til straummastrane og vidare i eit belte austover til vestre Langavatnet. Feltet nord for dette beltet inneheld enkelte mindre plantefelt. I skogbeltet frå Ådnavatnet til vestre Langavatnet er det planta mykje gran, eventuelt sitkagran (Hjeltnes 1994), medan det elles i nedslagsfeltet er planta furu, med nokre mindre felt med gran, buskfuru og lerk.

3.4.2.1 Myr

Langs øvre deler av Høievassdraget dominerar heivegetasjon, men det er og ein god del myrar. Myrane er **fattige og mellomrike flatmyrar**, med hovudvekt på sistnemnde. Sør for Hestvatnet er det eit stort myrområde. I desse myrane har det vore tatt ut mykje torv den tida torva var ein viktig ressurs inntil elektrisiteten kom. Både kring myrane og på sjølve myrane er det no planta ein del skog.

Bjønnskjegg dominerar feltsjiktet i myrane saman med blåtopp og klokkelyng, og ein del rome. Elles finn ein gjerne flekkmariland, heisev, kornstorr, røsslyng, slåttestorr og soldogg. I botnsjiktet kjem torvmosar inn og dominerar heilt. Av meir næringskrevjande artar finn ein blåknapp, grønstorr, myrfiol og myrklegg. Litt næringskrevjande er og bukkeblad, duskull, dystorr, kornstorr, slåttestorr og tepperot. Myrvegetasjonen er i første rekkje mellomrik. Rikmyr er ikkje funne i området.

3.4.2.2 Kysthei

FUKTHEI

Fukthei finn ein i fleire utformingar i vassdraget. **Blåtopp-utforming** har størst utbreiing med sterk dominans av blåtopp, men denne arten kan og dominera på tørrare grunn der det er lite av andre fuktheiartar (sjå nedanfor). Elles er det og mykje klokkelyng i deler av fuktheia som saman med rome, bjønnskjegg og dels blåtopp dominerar i **klokkelyng-rome-bjønnskjegg-utforminga**. **Bjønnskjegg-utforming** med bjønnskjegg i meir einerådande dominans og

pors-rome-blåtopp-utforming har mindre utbreiing. Sistnemnde finn ein særleg nær vatn, bekker og elvar. Andre artar ein finn i fuktheia er blant anna duskull, heiblåfjør, kornstorr, krypvier, myrull, rome, slåttestorr og stjernestorr.

Det er mykje fukthei i området, men deler av det som er kategorisert som fukthei i rapporten til Telemarksforskning (Hjeltnes 1994) er tørrhei der blåtopp dominerar.

TØRRHEI

I tørrheiane dominerar gjerne røsslyng (**røsslyng-utforming**), særleg i søraust nær Høievatnet, Lindevatnet og Vodlavatnet. Det er og stor dekning av røsslyng sør på Ådnafjellet, ved nordvestre enden av Ådnavatnet og i sør- og nordenden av Vågavatnet. I andre deler kjem gjerne blåtopp sterkt inn og dominerar i tørrheia (**blåtopp-utforming**). Tilstanden til røsslyngen er kartlagt av Telemarksforskning (Hjeltnes 1994, 1997), og dei viser til store lyngskadar i Tysvær i 1997. Røsslyngen er gammal og i klar tilbakegang. Berre eit lite område av tørrheia nær Høietre er nytta til beite dei siste åra. Dette vart svidd av for kring 15 år sidan. Her er lyngen yngre og det kjem inn meir gras som englodnegras, geitsvingel, gulaks og krypkvein, saman med mykje engsyre og tepperot.

I heile nedslagsfeltet finn ein felt med **purpurlyng-utforming** av tørrhei i sør- og austvende skrånningar. Eit stort område med purpurlyng finn ein sør for toppen av Ådnafjellet. Det er og mindre parti med tørrbakkevegetasjon, gjerne i overgang til ope berg. Her får ein gjerne inn bråtestorr, krekling, lusegras, mjølbær og røsslyng og mosearten heigråmose.

Andre artar funne i tørrheia er blant anna blåknapp, kattefot, kornstorr, heistorr, heiblåfjør, svartburkne og spreidde trollheggplanter.

Ei steinrøys ved toppen av Revursdalen som inneheld noko næringskrevjande vegetasjon er kanskje rester av tidlegare lågurtskog, men er utan tresjikt. Her finn ein blant anna eføy, markjordbær, skjørlok, skogfiol, svartburkne og mykje purpurlyng.

3.4.2.3 Skog

PLANTEFELT

Plantefelta i utmarka er ikkje undersøkte botanisk, men det er tydeleg at felt med gran og sitkagran er tette og bortimot utan undervegetasjon. Elles er det for det meste planta furu, men og noko buskfuru og lerk. Vegetasjonskarta laga under overvaking av kystlyngheia viser kor det er planta skog, men nokre mindre plantefelt er funne i tillegg (sjå vedlegg 2 – kart, landskapsbilete).

NATURLEG LAUVSKOG

I utmarka er det nokre små parti med etablert ospeskog med noko bjørk og hassel. Fleire av desse områda har i følge grunneigarar vore skogdekte så lenge dei hugsar. Desse områda ligg gjerne i sørhellingar og har noko meir varmekrevjande vegetasjon. Av artar som kjem inn kan nemnast gaukesyre, kusymre, purpurlyng, skogfiol, søtbjørnebær og vivendel.

3.4.3 Innmarka (delområde 1)

Mykje av innmarka er klassifisert som hagemarkskog, med hassel som dominerande treslag. Desse hassellundane har truleg vore der i lang tid, og har vekselvis vore nytta til beite og slått. Mykje av lundane er no nytta til kulturbeite med varierende beitetrykk, ein finn og stader som ikkje vert beita. Dette er difor ein vegetasjon med stor variasjon. Hagemarkskog finn ein mest

nord for Høiestølen og frå Vassenden sør til Høieelva. Vegetasjonen ber nokre stader framleis preg av tradisjonell slåttedrift sjølv om det ikkje har vore slått på mange år.

Ope kulturbeite og kulturbeite der bjørk gjerne dominerar i beite er sett til ei gruppe vegetasjon, saman med kulturenger som vert slått. Her er variasjonen i vegetasjonen mindre, difor og artsmangfaldet. Slik kulturbeite finn ein mykje i innmarka frå Nordtveitgardane og nord til Stegaberg. Det er og fleire kulturenger som vert slått til vinterfor, først og fremst nær Vågabekken.

Deler av innmarka nær husa er nytta til fruktdyrking (eple, pære, rips, stikkelsbær m.m.), av gamle hageplanter finn ein humle i nærleiken av Nordtveit bruk 2, men hageplanter generelt er ikkje tatt med i undersøkinga.

3.4.3.1 Hagemarkskog

I hagemarkskogen dominerar særleg hassel i tresjiktet, noko ekorna tydeleg set pris på. I tillegg kjem det inn ask og sommareik og noko bjørk og einer. På åsen vest for Høievatnet finn ein og eldre asketre særleg på austsida av åsen; ask vart tidlegare nytta til styving på Høie (Kallevik 1987 side 12). På toppen av åsen er det mykje sommareik. I hagemarkskogen nord for Høiestølen finn ein eit einsleg tre rognasal saman med hassel. På Nordtveit finn ein ei einsleg Lind i tilsvarande skogtype.

Feltsjiktet er artsrikt og ber preg av at det er kulturbeite. Beitegras dominerar i stor grad. I tillegg kjem fleire andre artar inn som firkantperikum, hundekjeks, kratthumleblom, markjordbær, skjærløk, skoggråurt, sløkje, vivendel og vårkål.

3.4.3.2 Slåtteeenger

Det er funne to tidlegare slåtteeenger rett utanfor steingardane som er grensa til utmarka. Ei slåtteeeng ligg i nordgrensa til Høiestølen i austhellinga ned mot Vodlavatnet. Den har **jordnøttutforming av frisk fattigeng**. Her finn ein særleg blåkoll, einer, engfrytle, engkvein, geitsvingel, geittelg, gulaks, jordnøtt, knegras, ryllik, smalkjempe og noko rosekratt (*Rosa* sp.). Hassel har stor dekning i tresjiktet.

Den andre slåtteeenga ligg ned til sørenden av Høievatnet, nedanfor Høietre. Vegetasjonen her er mykje lik den andre slåtteeenga, men i tillegg kjem det inn ein del næringskrevjande artar i eit parti, og det er einer og øyrevier som dannar busk- og delvis tresjikt. Loppestorr finn ein i eit 40 meter langt belte, medan nokre koloniar av kamgras og ein koloni hjartegras ligg innan eit svært avgrensa område. Elles finn ein blant anna firkantperikum, kjertelaugnetrøst, kornstorr, kusymre, marikåpe, skogfiol og svartknoppurt. I øvre deler av denne slåtteeenga er det og funne ein einsleg busk av dvergmispel.

3.4.3.3 Kulturbeite

Kulturbeite utan tresjikt og kulturbeite med oppslag av bjørk og einer utgjer ein stor del av innmarka. Først og fremst innmarka frå Nordtveit og nordover, på vestsida av Vågabekken, Vågavatnet og vestre Langavatnet. I utmarka finn ein kulturbeite på Haukås, søraust og sør for Ramslitjørna. Vanlege artar her er englodnegras, engsoleie, engsyre, gulaks, harestorr, kjeldeurt, knappsev, knereverumpe, kvein (*Agrostis* spp.), kvassdå, kveke, kvitkløver, kystmaure, lyssev, myrtistel, raigras, rapp (*Poa* spp.), revebjølle, ryllik, tepperot, timotei, vanleg arve, vassarve. I kulturenger som vert slått er det gjerne stor dominans av raigras, timotei eller andre grasartar.

Under kategorien innmark er det og tatt med tråkk- og vegkantvegetasjon. I vegkanten kjem det gjerne inn engsmelle, hundegras, gjerdevikke, gåsemure, krattmjølke, kystbjønnekjeks, landøyda, stankstorkenebb, stornesle, svartknoppurt, vegtistel og vendelrot.

3.4.4 Kystvegetasjon

Nord for elva grensar hagemarkskog av hassel ned til kysten. Det er relativt bratt fjellkyst som er middels eksponert mot fjorden. Nedst i fjøra finn ein fjørekoll, fjøresaltgras, fjøresaulauk, krypkvein, tangmelde og vendelrot. Av artar ein elles finn ovanfor fjøra kan nemnast bløkkbær, blodtopp, blåkløkke, blåknapp, engsyre, nyperose, hengjeaks, hestehavre, krypvier, kystbjønnekjeks, lundstjerneblom, mjødurt, ormetelg, raudkløver, revebjølle, skogburkne, skogfiol, sløkje, smalkjempe, smyle, strandstjerne, tepperot og tiriltunge. Som tre kjem både ask og hassel inn saman med bjørk, einer og rogn. I ein fjellsprekk 1-2 meter ovanfor fjøra står ei stor skogvikke nedanfor jonsøkkoll og knollerteknapp.

Sør for elveutløpet er det bergkyst med beita heivegetasjon mest heilt ned til fjøra. Her dominerar fjørekoll og fjøresaltgras nedst i fjøra. Ovanfor kjem det ei overgangssone til den beita tørrheia med artar som bråtestorr, einer, kornstorr, krekling, slåttestorr, strandkjempe og tepperot.

3.4.5 Vurdering av verdiar

Det er ikkje funne sårbare eller truga artar i vassdraget. Enkelte område i vassdraget bør likevel nemnast særskild.

- Slátteengene er ein vegetasjonstype som i dag er i sterk tilbakegang. Enga som ligg ved Høietre inneheld artar med lita utbreiing i distriktet. Dette er artar som i dag er i tilbakegang og som ein må ta omsyn til ved skjøtsel av området.
- Hagemarkskogen med hassel i innmarka kring Nordtveit og Høie har i lang tid, gjennom fleire generasjonar, vore nytta til beite og delvis slátteeng. Den vert no nytta til beite, men er i stor grad kultivert. Dette er ein flott del av kulturlandskapet, men det er ikkje funne truga artar knytt til gamle beite- og slátteenger.
- Utløpet frå Høievatnet og Høieelva er eit frodig og vakkert parti blant anna med elve-snellesump dominert av gulldusk. Lengre nede kjem det inn kraftig kantvegetasjon langs elva med hassel, hegg, sommareik og øyrevier saman med kratthumleblom, mjødurt og skogburkne.
- Takrøyrsumpa i sørenden av Vågavatnet er ein viktig hekke- og skjulestad for fugl.
- Sør og aust for Lindevatnet og Høievatnet er kystlyngheia særst flott og lite tilgrodd.

Frå ein botanisk synsvinkel er det fleire artar som høyrer til i kystheia og som vil kunne bli sjeldne om kystheiane vert borte.

Purpurlyng og heiblåfjør er stimulert av brenning og vil gå sterkt tilbake om det blir slutt på brenning av heia. Solblom er påvist i kysthei på Kårstø, ei mil søraust for Høievassdraget, men ikkje funne innan Høievassdraget. Denne arten er nå svært sjeldsynt, og trivst truleg betre i sterkare beita, men ugjødsla beitemark. Bustsevaks og dverglin er typiske heiartar som er nasjonalt utsette artar, men desse er heller ikkje påviste i området.

Heivegetasjon som naturtype er i tilbakegang langs store delar av vestlandskysten. Likevel er det vanskeleg å gi heivegetasjonen i vassdraget verneverdi innan biologisk mangfald, mykje fordi dette er ein relativt artsfattig vegetasjonstype.

Kulturlandskapet med utmark og innmark er prega av kontinuerleg bruk over lang tid. Mange truga plante- og soppantar er knytte til slike område, og seinare registreringar kan gi grunnlag for ny vurdering av verneverdiar. Verdiane av kystheia og innmarka som kulturlandskap er tatt opp i kapittel 4.

3.5 Vilt

Haugaland lokallag av Norsk Ornitologisk Foreining har kring 1987 laga ein oversikt over fugleartar, og viktige stader for fugl på Haugalandet. Høievassdraget er i denne samanheng ikkje særskild nemnd. Vassdraget inneheld mange forskjellige biotopar for fuglar. Langs vass-strengen er takrøyrsumpa i sørenden av Vågavatnet ein viktig lokalitet. Elles er og lyngheiane ein viktig biotop for fugleartar både i hekkinga og elles som matfat og skjulestad.

Deler nordvest i vassdraget er registrert som viltområde for hønsfugl (Viltområdekart for Tysvær - Småvilt 1996).

Eit viltområde med mykje hjort har tyngdepunkt på austsida av delområde 2, nær Rønnevik og Apeland (Viltområdekart for Tysvær - Hjortevilt 1996). Det vert og jakta noko på rev i nedslagsfeltet for å hindre tap av lam.

Vassdraget inneheld hekkeområde for nasjonalt sårbare viltartar i delområde 2. Det gir dette delområde nasjonal verneverdi med hovudkriteria sårbar og særsyn oppfylde. Dette delområdet er relativt stort med få større tekniske inngrep, noko som aukar verdien i delområdet (støttekriterie arealstørrelse).

3.6 Naturvern

Høievassdraget er i fylkesplanen for naturvern 1992-95 tatt med som prioritert regionalt område (**). Verdiane i området er i denne rapporten oppjustert til nasjonalt verneverdig område. I tillegg inneheld område mange kulturlandskapsverdiar og kulturminne.

3.7 Utvalde delområde og objekt

Tabell 3.2 Verdiane innan biologisk mangfald. Delområda og objekta er gitt gradert verneverdi: * Lokal verdi, ** regional verdi, *** nasjonal verdi, + potensiell/ikkje gradert verdi. Verdien knytt til kvart av kriteria er og gradert som Lokal, Regional, Nasjonalt eller x-ugradert.

Biologisk mangfald			Hovudkriterie				Støttekriterie			
Nummer	Navn delområde/ objekt	Gradering	Urørd	Sårbar	Særstyn	Variasjon	Biologisk funksjon	Arealstorleik	Forskningsverdi	Pedagogisk verdi
2	Sentral utmark	***		N	N			R		

4. LANDSKAPSBILETE

4.1 Landskapsregion. Særpreg

Høievassdraget ligg sør i underregion 'Haugalandet-Sveio' innan landskapsregionen ytre fjordbygder på Vestlandet (NIJOS 1996). Denne underregionen er eit område særprega av lågt terreng med mindre fjordar og halvøyar; fjordane ligg hovudsakleg i retning sør-nord. Busetnaden har tradisjonelt vore langs kysten, med eit ope heilandskap. Befolkninga var og er sterkt knytt til sjøen og havet både gjennom arbeid og fritid.

Jordbruket har tradisjonelt bestått av små einingar og gjerne vore ei binæring i tillegg til anna arbeid. Utviklinga går mot færre og større bruk, og store deler av utmarka vert i dag ikkje nytta. Dette saman med mykje skogplanting har gjort at skogen har overteke det typiske heilandskapet i deler av regionen. Høievassdraget ligg sentralt plassert på Haugalandet med store deler av kystheilandskapet tryggja, med få fysiske inngrep og med lokale jordbruksinteresser.

Deler av Høievassdraget innafor delområde 2 og 3 er naturområde frie frå tyngre tekniske inngrep (1-3 km frå tyngre tekniske inngrep, Direktoratet for naturforvaltning 1995). Dette gir grunnlag for lokal verneverdi av delområda. Forutan kraftlinene som går gjennom nedslagsfeltet er det ingen tyngre tekniske inngrep i delområde 2, 3 og 4.

4.2 Kjende landskapsbilete

Det er ikkje funne kjende landskapsbilete framstilt på bilete eller gjennom andre kunstformer i vassdraget.

4.3 Verdifulle kulturlandskap

4.3.1 Innmarka (delområde 1)

Delområde 1 utgjer innmarka i nedslagsfeltet til Høievassdraget. Innmarka høyrer til gardane Nordtveit, Høie, Kallevik og Våga. Grensa mellom utmarka og innmarka ligg framleis i stor grad der ho tradisjonelt har lege, avgrensa av steingardar. Dette er uvanleg for lyngheigardar i Rogaland. Mange flotte steingardar markerer denne grensa framleis i dag, og er ei flott ramme rundt kulturlandskapet i innmarka. Ein finn og mange flotte steingardar i gardstuna på Høie og Nordtveit.

Innmarka inneheld mange tradisjonelle trekk. Ho ber preg av småskala jordbruk med mykje beitemark for kyr, ungdyr og sauer. Mykje av beitet er hagemarkskog tresett med hassel og med innslag av eik og ask, som truleg har hatt lang kontinuitet (kapittel 3.4.3.2). Det er rester etter tidlegare slåtteeuger og store asketre som har vore nytta til styving (kapittel 3.4.3). Det er lite att av kvernhusa i vassdraget. Rester etter kverndrifta finn ein særleg i Høieelva og Vågabekken (kapittel 6.3).

Fleire av gardstuna er godt haldne og inneheld tradisjonelle trekk som aukar verdien av området som kulturlandskap. Det står framleis mange jordkjellarar intakte kring på gardane (kapittel 6.4.5.).

Ovanfor slåtteenga nord for Høiestølen finn ein steinmurar etter tre hus som vart nytta til sauehus der ein tok dyra inn om nettene. Dei er truleg frå tida kring 1850 då det var mykje villdyr i utmarka (Kallevik 1987, side 24).

Saman skapar alle desse tradisjonelle trekka eit heilskapleg inntrykk i innmarka. Lokal interesse for blant anna å halde gardstuna i hevd, gjer at området er særleg interessant som kulturlandskap. Området har difor høg verdi og aktuelle kriterie er heilskap og variasjon.

4.3.1.1 Gardstun – Vassenden (objekt 10)

Gardstunet på Vassenden (Høie bruk 10) er ein flott del av kulturlandskapet på Høie. Saman med eit eldre hus finn ein steinmurar etter fleire eldre bygg og ein gammal frukthage med fine steingardar kring. Langs tunet går ein gammal veg oppbygd i stein. Bygga er likevel ikkje veldig gamle, kanskje kring 100-150 år. Bruket vart fråskilt i 1810, men var før den tid husmannsplassen Nordre Tre som alle tre bruka på Høie hadde del i (Kallevik 1987, side 31). I seinare tid var Vassenden saman med Solstrand det finaste bruket på Høie den tid Lars M. Høie dreiv det fram til 1960-åra. Det verkar og som noverande eigar er interessert i å halda plassen i hevd.

Lengst i sør står steinmurane att etter den gamle låa. Sørenden er ein lukka del som har vore nytta til landkumme. Nordre delen var fjøs. På vestsida av bygget er det bygd opp ein veg som tidlegare enda i ei bru inn på låven. Låven har etter Lars M. Høie si tid rasa ned og det er sett opp eit mindre overbygg på nordre delen av murane. Dette vert ikkje nytta lenger. Våningshuset er gjerda inn med fine steingardar og har stått tomt ei stund, men vert no nytta som feriebustad. Eit bygg bak våningshuset, som vert nytta til vedbod og utedo, står på gamle grunnmurar som er ein del større enn huset.

Rundt husa og nordafor tunet er det ein stor frukthage med mange frukttre, først og fremst eple- og pæretre. Det var Lars R. Høie som fekk laga denne flotte frukthagen kring århundreskiftet saman med steingardane kring huset. I nordenden av frukthagen har det seinare vorte bygd to hus som har forfalle kraftig.

Langs steingarden som går aust-vest sør for våningshuset går det ein oppbygd steinveg som fører ned i dalen og svingar seg opp på austsida av dalen. Denne vegen har tidlegare vore nytta til å føra dyra ut på heimebøen eller utmarka, men er og den gamle kjørevegen over til Nordtveit, Sletta og Vodl (Kallevik 1987, side 25). Denne er flott halden med berre eit brot nedst i dalen. I dalen har enga tidlegare vore slått, men ho vert no nytta til kubeite. På austsida av dalen er det eit utsprang i fjellet som husdyra har nytta til le. Her er det steinmurar etter to bygningar, truleg nytta til sauehus. Like ved steinmurane er det ein brønn som framleis er intakt.

Bygningar og andre anlegg knytt til den tradisjonelle bruken er viktige deler av kulturlandskapet. Denne garden er ikkje lenger i drift men er bra halden og gir innmarka eit flott heilskapleg inntrykk. Gardstunet bør difor gis verneverdi og aktuelle kriterie er heilskap og inntrykksstyrke.

4.3.1.2 Gardstun - Nordtveit bruk 2 (objekt 11)

Dette bruket vert nytta til feriebustad, på same måte som Vassenden nemnd ovanfor. Tunet inneheld mange bygningar som er i god stand, og ein finn blant anna rester etter kornkverna som vart driven med vasskraft til tidleg på 1900-talet.

Våningshuset skriv seg tilbake til kring 1730 då det truleg vart bygd av Knud Knudsen. Huset stod då lenger vest ved gamlehuset på bruk 1. I 1898 flytte Lars Osmundsen huset og sette det opp att der det no står, men i ny stil (Kallevik 1987, side 45). Før Osmund Jonsen, fosterson

hans vart gift kring 1930, vart ei ekstra stove i same stil bygd på våningshuset. Huset er no halde i god stand i same stil som då det vart sett opp i 1898, og med mykje av det gamle interiøret.

Då Lars Osmundsen flytte våningshuset bygde han og den flotte jordkjellaren som står vest for våningshuset. Ved jordkjellaren står eit gammalt hus som lenge vart nytta som hønsesus. No er det interesse for å fikse det opp. Huset er flytta frå husmannsplassen Hagen/Benkene under Kallevik kring 1900 (Kallevik 1987, side 64). Denne husmannsplassen er nemnd frå 1846 og Matias Olsen, far til statsråd Lars Meling vart fødd i dette huset medan det sto på Kallevik.

Bak våningshuset har det stått to hus. Eit er framleis i bruk, bygd i tre inntil ein stor stein. Huset er truleg nytta til ved- og redskapsbod. Tre steinmurar, over 2 meter høge er restane etter det andre huset som har vore nytta til hønsesus. I tillegg til desse husa kjem ein utedo og ei lita verktøybod.

Nord for våningshuset ligg ein uklart markert gravhaug, 1 m høg og kring 11 m i diameter. Nordvest for våningshuset ligg og gamle hustufter, vekslande markert og lite synleg (Arkeologisk museum i Stavanger 1978).

Vasskraft vart brukt av Osmund Nordtveit til tresking i ca. 30 år, tidleg i dette århundre (Kallevik 1987, side 45). Han hadde vasskall installert i det nedlagde kvernfaller Knud Johannesen Kallevik tidlegare brukte i Vågabekken. Frå bekken til låvebygningen var det kring 100 meter. Krafta vart overført dette stykke ved hjelp av ei snor og han fekk såleis treskja korn i løa. Osmund prøvde ei tid å forlenga snora fram til nabobruket 100 meter lenger borte, men det gjekk ikkje så godt. Ein vakker demning i stein, med opning til bekken, står framleis i Vågabekken der denne kverna stod. Det er og noko att av kvernhus og kraftoverføringa til låvebygningen. Ein har framleis vasskallen frå elva, og bak våningshuset ligg to kvernsteinar i hagen som kan vere frå kvernane i Vågabekken. Osmund Nordtveit dreiv i si tid mykje med birøking på bruket og nokre av husa vest for hovudhuset vart nytta til å ha røktarutstyr i. Osmund Nordtveit dreiv garden fram til kring 1977, og etter dette har jorda vore forpakta. Dagfinn Nordtveit på nabobruket paktar no garden.

Heile dette gardstunet vert i dag halde i veldig god stand av noverande eigar og huset inneheld mange eldre gjenstander frå tidlegare tider på bruket. Daniel Kallevik nemner ei klokke, ei himmelseng, eit forsæte og ei gammal teskei av sølv frå 1770 (Kallevik 1987, side 45).

Bruket er ikkje i same grad tilknytt gardsdrifta som Vassenden, men gir eit inntrykk av korleis ein i nær fortid budde. Gardstunet inneheld mange eldre hus i god stand, og mykje frå det gamle kulturlandskapet. Det bør derfor gis høg verneverdi, og aktuelle kriterie er heilskap, inntrykksstyrke og særskyn.

På Nordtveit bruk 1 står og det gamle våningshuset att på garden. Dette må etter stilen vera oppsett før 1830 (Kallevik 1987, side 41). I Tysvær Gard og Ætt (Dybdal-Holthe og Lillehammer 1993, side 88 + 206) er huset nemnd 200 år gammalt. Den siste som budde har var Olava Matilde Nordtveit som død i 1982. Etter dette er det truleg nytta til feriebustad.

4.3.1.3 Høietre, husmannsplass (objekt 12)

Sør for Høievatnet ligg steinmurar til eit mindre hus og ein jordkjellar etter husmannsplassen Høietre. Bygningane på plassen er kraftig forfalne. I tillegg til våningshuset er det og mindre rester av to andre bygg. Eit av desse er den gamle låvebygninga. Plassen er nemnd brukt frå kring 1788 (Dybdal-Holthe og Lillehammer 1993, side 81), og nytta fram til 1902 (Kallevik

1987, side 16). Etter dette er plassen berre nytta som beite. Eit lite stykke vart svidd av seinast kring 1980. Ei eng på flaten ved Høietre har frå tidleg på 1960-talet vore nytta til fotballbane med deltakarar både frå Høiebygda og frå Mykja på andre sida av Førresfjorden; stor aktivitet her ga grunnlaget for å starta Stegabergh idrettslag.

Det er ikkje mykje att av husa her, og dei har ikkje noko gammal historie. Den nyare kulturhistoria har gjort at plassen likevel er verdt å namna.

4.3.1.4 Hagemarkskog

Store deler av den beita innmarka på Nordtveit og Høie er tresett av hassel og delvis av ask med innslag av bjørk og osp. Denne hagemarkskogen inngår som ein naturleg del i kulturlandskapet og vert framleis i stor grad nytta til beite. Grad av gjødsling ser ut til å variera ein del. Det er usikkert i kor stor grad det er ugjødsla beitemark.

4.3.1.5 Slåtteeuger (objekt 13)

To eldre slåtteeuger er funne i nedslagsfeltet til Høievassdraget. Ei ligg i nordgrensa til Høiestølen i austhellinga ned mot Vodlavatnet. Den andre slåtteeuga ligg ned til sørenden av Høievatnet, nedanfor Høietre. Engene har truleg ikkje vore slått dei siste 10 – 20 åra, men ein del av artsinventaret er likevel intakt. Særleg inneheld enga ved Høietre ein del krevjande og lite utbreidde artar, men den har stort oppslag av einer og øyrevier (kapittel 3.4.3.2.). Slåtteeuga på Høiestølen er derimot tresett med hassel og krev mindre skjøtsel for å verna artsinventaret.

Eldre slåtteeuger er i dag lite utbreidd av di slått og ukultivert beite har vorte mindre vanleg dei siste tiåra. Ein ønskjer å oppretthalda slike enger der det er mogleg å få i gong skjøtsel av enga. Slike enger kan innehalda sjeldne artar av høgare planter, lav og sopp, men det er ikkje påvist rødlisteartar i dei to nemnde engene. Verdien til slåtteeugene som kulturlandskap er først og fremst knytt til kriteria særsyn og sårbar.

4.3.1.6 Jordkjellarar

Det er mange jordkjellarar kring i innmarka på Høie og Nordtveit. Dei er ein viktig del av det tradisjonelle kulturlandskapet, og mange er framleis i særskild god stand. Kartlegginga av jordkjellarar har vore sentrert kring Nordtveit og Høie sidan berre mindre deler av dei andre gardane ligg innanfor nedslagsfeltet til Høievassdraget. Jordkjellarane er kategorisert etter tilstand (T1 – særskild flott, T2 – flott, T3 – noko forfallen, T4 – sterkt forfallen). Kartlagde jordkjellarar:

- To er alt nemnd, ein på Nordtveit bruk 2 (T1) og ein på Høietre (T4).
- Det står to jordkjellarar på Nordtveit bruk 1; den eine 30 meter aust for det gamle våningshuset (T2), den andre 100 meter nord for våningshuset (T2).
- På Vodl er det ein jordkjellar ved vegen til utmarka, 50 meter aust for gardstunet (T3).
- På Høie bruk 2, ved låvebygningen står ein stor flott jordkjellar (T2).
- På Høie bruk 6 står den største jordkjellaren på Høie (Kallevik 1987, side 24). Denne vart oppført av Gudmund Nilsen som var brukar på garden frå 1878 til 1909, og vart nytta til potetkjellar (T?).
- På kulturbeitet aust for vegen på Høie bruk 7 ligg ein jordkjellar som ligg inntil den nye vegen ned til Vassenden (T3).

4.3.2 Utmarka - kystheiar (delområde 2, 3 og 4)

Opne kystheiar i den atlantiske kystheisona har i det 19. århundre gått sterkt tilbake og utgjer i dag større areal berre langs kysten på Vestlandet nord til Lofoten, Vesterhavsoyane, i Nord-Skottland og Irland, med enkelte område i Danmark, Tyskland og Nederland. Noreg har difor saman med Skottland og Irland eit særleg ansvar for å tryggja denne landskapstypen.

Vegetasjonshistoriske undersøkingar frå Kårstø, 10 km sør-søraust for Høievassdraget, viser at landskapet på Haugalandet gradvis vart avskoga i ein periode frå 2900 til 1800 år sidan; dette som eit resultat av auka beiting. Røsslyngheiane har etter dette vore dominerande vegetasjon fram til i dag (Eide og Paus 1982).

Dei gamle driftsformene med lyngsviing, lyngslått og aktiv heilårsbeiting i utmarka minka etter kvart for 40-50 år sidan. Det har ikkje vore større lyngbrannar etter at ein planta mykje skog tidleg på 1960-talet. Av lyngheia i nedslagsfeltet til Høievassdraget er berre eit område kring Høietre i dag beita. Dette vart svidd av for kring 15 år sidan. Elles er det ein del kultivert beite; noko i utmarka på Haukås og noko nord på Stegaberg. Skal ein halda ved like dei opne kystheiane er det naudsynt å ta opp att beitedrift av utmarka. Ein del bjørk og einer har kome dei siste tiåra, og skogplanting og tilgroing er no den største trusselen for det opne heilandskapet. Likevel er det ennå mogleg å få store deler av lyngheia i drift att med beitebruk og sviing, først og fremst i deler med lite planta skog. Det er og interesse blant grunneigarar for å nytta meir av utmarka til beite, og sviing av heiane som ein del av drifta er då aktuelt.

I utmarka finn ein og fleire element frå det tradisjonelle kulturlandskapet. Grensa mellom innmarka og utmarka er dei fleste stader merka med steingardar. Nokre stader finn ein og steingardar i utmarka. Blant anna mellom utmarka til bruk 15 og utmarka til bruk 6+7 på Høiestølen. Frå Vodl til Haukås går det ein gammal torvveg (kapittel 6.4.1), og ein finn fleire anlegg etter torvdrifta på Høie, Nordtveit og Haukås (kapittel 6.4.2). Mellom Vodlavatnet og Lindevatnet er det bygd opp ein kanal for å senka vasstanden på innmarka til Vodl (kapittel 6.4.3). Heile området er lite berørt av tyngre tekniske inngrep, og ein har høve til å tryggja ei typisk vestnorsk kysthei i tilknytning til eit kulturlandskap i innmarka på Nordtveit og Høie. Sentrale deler av kystheia er likevel tilplanta med skog (kapittel 3.4.2). Mindre deler i søraust er gjødsla opp til kulturbeite og ei kraftline går tvers gjennom nedslagsfeltet rett nord for Ådnafjellet.

Utmarka er delt inn i tre delområde; delområde 2 sentralt plassert i vassdraget der det er lite planta skog, og delområde 3 og 4 som ligg lenger frå gardane og er sterkare prega av skogplanting. Det best tryggja kystheilandskapet har høg verdi som kulturlandskap, og det er eit sterkt ønske om at det igjen skal nyttast til beitemark.

Aktuelle hovudkriterie for delområde 2 er heilskap, inntrykksstyrke og sårbar i tillegg til støttekriterie urørd, typiskhet og historisk dokument. Delområda 3 og 4 som er meir prega av planta skog har lågare verneverdi, men det er likevel parti i desse områda som kan oppretthaldast som kysthei ved å ta opp att beitedrifta. Aktuelt hovudkriterium er sårbarhet og aktuelle støttekriterie er typiskhet og historisk dokument. Om kystheilandskapet vert sjeldnare, noko som truleg vil skje i nær framtid, vil kriterie særstyn og verta aktuelt for dei tre delområda.

4.4 Landbruk i vassdraget

4.4.1 Kysthei - Beita kulturlandskap

Skal ein oppretthalde kystheia som er eit av grunnlaga for vernet av Høievassdraget er ein avhengig av vidare bruk av heia. Vil ein tryggja dette gamle kulturlandskapet er det naudsynt å ta opp att beitedrifta i utmarka. Gjødslar ein utmarka for å få kulturbeite vil røsslyngen raskt gå ut av heia. I staden må ein ta opp att sviing som ein del av drifta. Då må først bjørk og einer ryddast ut i utmarka. Sviing gjer at gamle og forveda røsslyngplanter forsvinn og nye røsslyngplantar med høg del grønt kjem inn. Det kjem og meir gras, og beiteverdien er særskild høg dei første to åra etter sviing. Dette vil vera ein meir arbeidskrevjande bruk og vil vera avhengig av interesse frå lokale grunneigarar og støtte frå styresmaktene.

Telemarksforsking har gjennomført overvaking av kystlyngheia blant anna i Høievassdraget og viser til lite dekning av røsslyng og store skadar i røsslyngen blant anna i 1997 (Hjeltnes 1994 og 1998). Dette skjer delvis fordi lyngen har vorte gammal. Nesten all røsslyngen i utmarka er komen inn i forfallsfasen som han går inn i når han vert eldre enn 15-20 år. Det er difor ønskeleg med sviing og forynging av lyngen i utmarka i nær framtid. Fylkesmannen i Rogaland og Tysvær kommune har vist stor interesse for ein meir aktiv bruk av lyngheiane i Høievassdraget. Det er aktuelt å søkja om økonomisk støtte til skjøtsel og drift av heiane gjennom ordninga 'tilskot til spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap. Dei mest aktuelle områda for tradisjonell drift er utmarka nær gardane på vestsida. Nokre aktuelle område er:

- Høiestølen, søndre del av åsen mellom Høievatnet, Vodlavatnet og Lindevatnet (*Høie bruk 7, 10, 12*, nær 100 mål). Ein god del røsslyng og eit klart avgrensa område gjer at det er lett å halde dyr her, og sviing vil vera greitt å avgrensa. Det er planta noko skog nord for Høiestølen og på vestsida av sjølve Høiestølen (*Høie bruk 15*) som det er naudsynt å ta omsyn til under sviing. Noko einer og bjørk må ryddast ut før sviing. I nordenden av Høiestølen finn ein og ei slåtteeng (sjå kapittel 4.4.2).
- Eit belte frå Høietre og austover (*Høie bruk 2 og 5, vestre deler utafor nedslagsfeltet* ca. 300 mål). Her inngår og ei tidlegare slåtteeng nær Høievatnet som ein må ta omsyn til når ein svir av og nyttar området til beite (sjå kapittel 4.4.2). Det er myrar og åsar med opne knausar som kan fungera som naturlege svigrensar. Dette feltet kan forlengjast til Sättjørna og Hallsteinsvatnet (*Høie bruk 6, 7, 10*, ca. 300 mål) men då nærmar ein seg dei større plantefelta langs den gamle kommunegrensa.
- Aust for Lindevatnet og Vodlavatnet, mellom søra Tveitatjørna og Hallsteinsvatnet til elva frå Hestvatnet (*Høie bruk 1, 59*, ca 200 mål). Her er det og relativt lite oppslag av bjørk og einer.
- Utmarka til bruka på Nordtveit som går ut til Hestvatnet (*bruk 1 og 2*, ca. 350 mål). Lite einer og bjørk, men det ligg eit lite plantefelt nær innmarka.
- Utmark sør og aust for Vågavatnet til bruka på Kallevik og Vågabøen. I nord grensar dette området til planta skog langs bekken frå Katteidjørna.

Kunnskap frå tidlegare bruk vil vera viktig når ein tar opp att drift av utmarka. I tillegg er det fleire ting ein bør ta omsyn til ved sviing og beiting. Haugesund kommune har rydda eit område nær Toskatjørna, der dei planlegg å svi av lyngen for å betra beite. Elles har kulturlandskapsenteret på Lygra i Lindås kommune og Karmøy Lyngsenter kompetanse innan

tradisjonell drift av utmark (nokre skriftlege kjelder: Steinnes 1988a, 1988b og 1988c, Bleken m.fl. 1997, Karmøy Lyngsenter Vigsnes AS 1998a og 1998b).

Nokre viktige punkt ved skjøtsel av kysthei:

- Før sviing må ein ta kontakt med viltforvaltar/viltnemnd i kommunen for å unngå skadar på dyre- og fuglelivet.
- Sviinga bør gjennomførast tidleg på våren (februar/tidleg mars) medan det er tele i jorda. Ho bør ikkje setjast i gong dersom vindstyrken er så sterk som liten kuling eller det er vindstille, og må ikkje vera for sterk slik at jordsmonnet vert utbrent. Der det er store einer og bjørk må dette ryddast ut før sviing.
- Sviing er best å gjera langs naturlege grensar (elvar, bekker og myrar) der ein lettare kan styra sviinga. Ein bør gjenta sviinga på delområda etter 10 til 15 år. I samanheng med sjølve sviinga vil ein person måtte vera ansvarleg for gjennomføringa, og samband med brannsjef/brannmester vil vera naudsynt under gjennomføringa av sviinga. Elles må ein ha mannskap slik at ein kan halde brannen under kontroll med brannriver og anna utstyr.
- Rydding av overlevande lauvtre etter sviing kan og vera naudsynt, særskilt om ein vil tryggja kulturlandskapsverdiane.
- I område med mykje blåtopp har svak sviing og beite av ungdyr vist seg å vera positivt for røsslyngen. Beitet er best på våren då graset er nytt, men storfe beitar blåtopp heile sommaren. Når heia er nybrent er det mest gras og heia er best som sommarbeite. Etter kvart som røsslyngen vert etablert vert vinterbeitet betre. Vinterbeite er effektivt for å halda lyngen låg og tett.
- Kor mykje dyr ein skal ha på beitet er vanskeleg å seia noko generelt om. Her er tidlegare drift ei viktig kjelde. Ved moderat beiting blir røsslyngen halden låg, buskete og livskraftig samtidig som unge tre og kratt blir beita ned. Ei moderat beiting er og best med omsyn til eventuelle botaniske verdiar i lyngheia. Mengde dyr til beiting er foreslått på Nord-Talgje (Steinnes 1987c, Bjor og Graffer 1963 - beiteforsøk i Førresfjorden). Ved hardare beitetrykk går lyngartar tilbake og graminidar, særleg finnskjegg og bjønnskjegg går fram. Er variert beitetrykk ønskjeleg kan dyra gå relativt fritt innan eit større område.
- Villsau er velegna i kystheia. Villsauen kan i stor grad gå åleine i utmarka heile året og klarer lemminga på eiga hand. I tillegg kan ein få ein høgare kilopris ved å levera til interesserte kundar (f.eks. restaurantar). Det er og mogleg å nytta garva skinn, utstoppa hovud og horn. Erling Horgen, bonde og jordbruksjef i Austevoll, har god kjennskap til villsauen og bruk av den på Vestlandet.
- To eldre slåtteeuger er funne utanfor steingarden som er grensa mellom innmark og utmark. Desse ligg nær aktuelle område for beitedrift av lyngheiane og det er naudsynt å ta omsyn til desse ved beiting av utmarka. Det er ønskjeleg at desse engene kan haldast opne og at artsinventaret kan tryggjast med skjøtsel av engene.

4.4.2 Skogplanting

I utmarka er det sidan tidleg på 1960-talet planta mykje barskog i utmarka, særleg nær den gamle kommunegrensa mellom Tysvær og Avaldsnes. Det vert framleis gitt støtte til planting i nedslagsfeltet til Høievassdraget. Dette er ein praksis som kjem i konflikt med ønske om å tryggja den opne kystheia og bør vurderast på nytt i samanheng med denne rapporten og med

oppstart av ei differensiert forvaltning i vassdraget. Større parti med skog er ikkje aktuelt å rydde, men ein bør unngå nyplanting der skogen etter kvart vert hoggen ut.

4.5 Landskap med vassdragsnære kulturminne

Høievassdraget renn gjennom ulike vegetasjonstypar, og det er få tekniske inngrep kring vatn og bekker. Heile vassstrengen utgjer eit verdifullt landskap. Det er vanskeleg å skilja ut landskapsdeler som er særleg verdifulle, men fleire deler er med på å binda vassstrengen saman med kulturlandskapet; deriblant Vaulen (kapittel 6.4.2), Skamånå (kapittel 6.4.3), og rester av kverner og kvernhus (kapittel 6.3). Det er difor ønskjeleg å unngå større inngrep i vassstrengen, noko som heilt klart vil truga verdien i eit elles heilskapleg kulturlandskap.

4.6 Utvalde delområde og objekt

Tabell 4.1 Verdier innan landskapsbilete. Sjå tabell 3.2 for tabellforklaring.

Landskapsbilete			Hovudkriterie				Støttekriterie			
Nummer	Navn delområde/ objekt	Gradering	Heilskap	Inntrykkstyrke	Variasjon	Sårbar	Urørd	Særsyn	Typisk	Historisk dokument
1	Innmark	-	x		x					
2	Sentral utmark	***	x	x		x	x		x	x
3	Utmark i sør	-				x			x	x
4	Utmark i nord	-				x			x	x
10	Vassenden, gardstun	-	x	x						
11	Nordtveit bruk 2, gardstun	-	x	x				x		
12	Høietre, husmannsplass	-								x
13	Slátteenger	-				x		x		

5. FRILUFTSLIV

5.1 Friluftsområde

Det er ikkje registrerte friluftsområde i nedslagsfeltet til Høievassdraget. I fylkesplanen for friluftsliv 1992-95 finn ein tre friluftsområde med regionale friluftssinteresser vest og sør for vassdraget. Nordre Høieholmen (prioritet *(*)) er sikra i kommunal eige. Dei andre to er Hetlandsvågen (prioritet **) og Kallevikneset (prioritet **(*)) er i privat eige.

5.2 Hytter, stinett, pilgrimsleier

Frå Kallevik går det ein tursti austover langs kraftlina til Ådnafjellet (objekt 5). Stien er tilrettelagt av Stegaberg bygdalag. Her er det lagt ut bok der omlag 370 personar skreiv seg inn i 1996. Området vert nytta både sommar og vinter, og bruken er truleg mest lokal. Bygdalaget har og merka ei løype frå Vågavatnet som går austover til Hesttjørna og vidare mot Apeland/-Rønnevik.

Storsåt (objekt 6), og kalla Høiesåt, ligg heilt sør i nedslagsfeltet og er eit mykje nytta mål for turar i utmarka. Frå denne toppen i sørgrensa til nedslagsfelt har ein god utsikt i alle retningar. Blant anna ser ein Avaldsneskyrkja i vest. Er det godver kan ein visstnok sjå heilt til Utsira. Til Storsåt går det stiar både frå aust, vest og nord. Heia er i det heile mykje nytta til friluftsliv av lokalbefolkningen og andre med tilknytning til området. Om få tiår vil truleg opne heiar representera noko sjeldsynt, og verdien av området vil truleg auka sterkt i samanheng med friluftsliv.

Ved husmannsplassen Høietre sør for Høievatnet er det tradisjon for feiring av Kristi Himmelfartsdag der mykje av bygdefolket samlast.

Det er stort sett eit godt tilbod for friluftsliv i Tysvær. Dette og dei sårbare faunaverdiane talar mot å fokusere på regionalt friluftsliv i nedslagsfeltet. Turløypa til Ådnafjellet er gitt lokal verneverdi. I tillegg er Storsåt og torvvegen mellom Haukås og Høie (kapittel 6.4.1) aktuelle objekt dersom det er ønskjeleg å leggja til rette for meir friluftsliv.

5.3 Jakt og fiske

Det vert jakta noko på hjort og rev i utmarka kring Høievassdraget, først og fremst i sørlege og austlege deler av nedslagsfeltet (delområde 2 og 3). Elles er viltverdiar vurdert under biologisk mangfald (kapittel 3.5).

5.4 Utvalde delområde og objekt

Tabell 5.1 Verdiar innan friluftsliv. Sjå tabell 3.2 for tabellforklaring.

Friluftsliv			Hovudkriterie				Støttekriterie		
Nummer	Navn delområde/objekt	Gradering	Urørd	Oppleving	Egnetet	Dagens bruk	Tilgjengelig	Naturkvalitetar	Kulturkvalitetar
5	Sti til Ådnafjell	*	L	L	L	L		R	R
6	Storsåt	*		L		L			
7	Torvveg frå Haukås til Høie	-							

6. KULTURMINNE

I rapporten er det beskrive mange nye objekt som ikkje har vore vurdert i tidlegare undersøkingar. Ein gjer difor merksam på at verdiar innan kulturlandskap og kulturminner vedrørande desse objekta er vurdert utan fagleg grunnlag og utan innspel frå fylkeskommunen.

6.1 Fløytingsminne

Høievassdraget er eit lite kystvassdrag, og er ikkje nytta til fløyting av tømmer i nyare tid. Vassdraget går gjennom opne lyngheiar som har dominert vegetasjonen i nær 2000 år.

6.2 Nedlagde kraftverk

Det har ikkje vore kraftverk i vassdraget.

6.3 Sager, møller, kverner

6.3.1 Høieelva

Det var tidlegare to kverner i Høieelva. Den første vart nedlagd kring 1908, medan den andre var i drift fram til 1922 (Kallevik 1987, side 18). Olaf Høie som no bur i Førre kan hugsast at far hans, Kørnel Høie, mol havremjøl i denne kverna. Severin Høie på bruk 6 hadde då bruksretten på kverna og ho vart nytta både dag og natt når det var tid for å mala kornet. Rett nord for utløpet til Høieelva er det rester av steinmurane til den siste kverna saman med deler av kvernsteinen. Det er lite att av kverna og rester som er att har truleg låg verneverdi.

6.3.2 Vågabekken

På det meste var det fem kverner i Vågabekken (også kalla Tveitabekken og Kvernabekken) som renn frå Vågavatnet til Vodlavatnet, tre av dei låg på garden Nordtveit (Kallevik 1987, side 10). I øvste delen av bekken finn ein rester etter ein stem rett nedanfor Steinløypele. Bekken har her vore stemd der han kryssar steingarden. Elvebredden langs Vågabekken er mura opp med stein frå Nordtveit og oppover, kring 100-150 meter. I nedste delen av dette partiet står rester att av kverna som Knud Johannessen i si tid nytta, og som Osmund Nordtveit seinare henta kraft frå til å treskja korn i låvebygningen på Nordtveit. Særs flott er demninga som er mura opp i stein, der bekken renn gjennom ei lita opning. Like nedanfor er rester av det som har vore kvern og kvernhus. Kanskje høyrde ein av kvernsteinane som ligg på gardstunet på Nordtveit bruk 2 til denne kverna. Alle kvernene i Vågabekken var ute av drift før 1890 (Kallevik 1987, side 61)

6.3.3 Andre kverner i vassdraget

Frå gammalt av var det kverner i mest kvar ein bekk som kunne gi litt kraft. I Høievassdraget er det funne rester av fleire kverner der ein mala korn, men det er ikkje funne sager. I tillegg til kvernane nemnde ovanfor er det nokre rester etter kvernhus nedst i bekken frå Stemmen til Ulvavatnet. I bekken frå Hestvatnet til Hallsteinsvatnet er det rester etter ein stem der den gamle torvvegen kryssar elva. Kanskje var det kvern lenger nede, ved Hallsteinsvatnet. Ved utløpet frå Hallsteinsvatnet er ein stem, men ein finn ikkje kvern. Stemmen kan ha vore nytta til å lagre reservevatn til Høieelva (Kallevik 1987, side 18).

6.4 Andre kulturminne

6.4.1 Torvveg frå Høie til Haukås (objekt 7)

Tidlegare bruka folk på Høie og Haukås torv frå myrane til brensel. Ein spadde gjerne ut torva, men det vart og nytta torvmaskin til å ta ut torv frå grøfter og myrar med mykje røter. Frå Vodl på Høie går det torvveg til Hestmyra, aust for Hestvatnet. Frå Haukås går torvvegen til Tveitamyra som er andre sida av same myra. Denne vegen har frå gammalt av vore nytta av reisande begge vegar. Det er ikkje laga kjerreveg over Hestmyra/Tveitamyra mellom Haukås og Vodl, og det er usikkert i kor stor utstrekning vegen har vore nytta. For 50-100 år sidan var det mykje ferdsel mellom Nordtveit og Haukås (Kallevik 1987, side 44) og det var

nær slektskap mellom folk på husmannsplassen Rabben under Nordtveit og folk på Haukås. Frå Høie gjekk det bussrute allereie frå 1926, starta av Sigurd Bakken (Dybdal-Holthe og Lillehammer 1993, side 162). Det gjekk veg langs Førlandsfjorden inn til Haukås og men det gjekk lang tid før bussrute vart satt opp, og folk gjekk frå Haukås til Høie for å ta bussen til byen.

Den gamle torvvegen er ein viktig del av området kulturhistorie, og er aktuell for tilrettelegging for friluftsliv. Den er relativt grei å finne, og utmarka er allereie nytta mykje til friluftsliv. Representativitet og bruksverdi er kriterie som eventuelt gjev dette kulturminne verdi. Torvvegen er ein del av kystheia som kulturlandskap. Veggen er tidlegare ikkje kartfesta, men er teikna inn på kartet for kulturminne (Sjå vedlegg 2 - Temakart).

6.4.2 Vaulen og torvhus (objekt 8)

Frå Høie var det tungt å hente ut torv frå utmarka. På fleire av bruka tok ein difor ut torv på heimebøen, men mest alle bruka henta noko torv frå utmarka. Fleire av bruka måtte få torva over Lindevatnet og Høievatnet. Mellom desse vatna er det frå gammalt av bygd opp ein kanal kalla Vaulen der torva vart frakta gjennom med båt. Det var berre ved høg vasstand, først og fremst på hausten, det var mogleg å få båtar gjennom. Det er ikkje kjend når Vaulen vart sett opp, men med jamne mellomrom måtte ein grava opp sand for å halda han open og kanalen vitnar om tradisjonar som kan hende går fleire hundre år tilbake i tid. Desse vart avløyst då elektrisiteten tok over etter torva som energikjelde i 1950-åra.

På austsida av Lindevatnet står steinmurane att etter eit torvhus. Murane er intakte bortsett frå noko velt i veggen mot søraust. Det ligg og nokre teglstein som må ha vore tak på huset. Olaf Høie (f. 1916) som vaks opp på Høie bruk 2 var mykje med å henta torv frå myrane, men kan ikkje hugsa at torvhuset vart nytta. Daniel Kallevik (1987, side 22) skriv at torvhuset høyrde til bruk 6 og at torva vart køyrd til torvhuset om sommaren, for å ta det over vatna på sein-sommaren eller hausten. Kørnel Høie, far til Olaf Høie, tok fleire gonger torva over isen med hest og kjerre. Dette må ha vore kring 1920-30 åra, men det var då ikkje tak på torvhuset og ein henta torva frå utmarka der ho låg i stablar (pjuker) under sekker og anna.

På Høiesida bruka dei mykje torv til brensel fram til kring 1950, sjølv om elektrisiteten kom til bruka i 1938 (Olaf Høie pers. med.). På Haukås kom ikkje elektrisiteten før 1957, men etter det vart torvuttak snart eit sjeldan arbeid. Det var mykje tungt arbeid med torva i myra.

Vaulen og torvhuset er godt tryggja og særprega minne frå tida med torvuttak frå myrane på Høie. Kriterie særstyn vil difor kunne gi Vaulen og torvhuset verneverdi.

6.4.3 Skamånå (objekt 9)

Frå Vodlavatnet til Lindevatnet er det mura opp ein kanal kring ein meter brei, som er flott halden. Denne kanalen var det truleg Nils Matias Vodl som bygde for å senka vasstanden i innmarka på Vodl. Han hadde bruket frå 1902 til 1940. Kanalen kalla Olaf Høie for Skamånå. Denne kanalen er eit relativt nytt kulturminne, og kriterie særstyn er aktuelt grunnlag for å gi Skamånå verneverdi.

6.4.4 Gardsanlegg, Revursdalen (objekt 14)

Øvst i Revursdalen i sørgrensa til nedslagsfeltet (utmark til 63/7 og 63/12) ligg rester av eit gammalt gardsanlegg. Dette består av 2 hustufter og minst 6 rydningsrøyser. Husa er uklart markerte og lite synlege (21 x 4 m, 7 x 4,5 m). Det er usikkert om anlegget er førhistorisk eller om det er ein nyare plass eller støl (Arkeologisk museum i Stavanger 1978). Gards-

anlegget er lite synleg, og ein veit lite om kva det har vore eller når det har vore nytta. Plasseringa av gardsanlegget høgt oppe mellom nokre åsar er uvanleg, og det må ha vore nytta i ei tid med stort befolkningspress i distriktet. Gardsanlegget bør ha høg verneverdi.

6.5 Utvalde delområde og objekt

Tabell 6.1 Verdier innan kulturminne. Sjå tabell 3.2 for tabellforklaring.

Nummer	Navn delområde/ objekt	Gradering	Hovudkriterie				Støttekriterie		
			Mangfald	Pedagogisk verdi	Særsyn	Representativ	Bruksverdi	Symbolverdi	Identitetsverdi
7	Torvveg frå Haukås til Høie	-				x	x		
8	Vaulen, kanal og torvhus	-			x				
9	Skamåná, kanal frå Vodlavatn	-			x				
14	Revursdalen, gardsanlegg	-			x				

7. KVA TRUGAR VERNEVERDIANE

7.1 Kystheia

7.1.1 Tilgroing og skogplanting i kystheia

Vidare bruk av utmarka er nødvendig for at heia skal behalde preget av kystheilandskap. Større plantefelt er til hinder for tradisjonell bruk av utmarka. For å halda heia open er det viktig å stimulera grunneigarar til å nytta utmarka som beite og rydda ut bjørk og einerkraft. Det er då ønskeleg med bruk av sviing saman med beitedrift (sjå kapittel 4.4.1.). Det vert per i dag gitt støtte til å planta skog i nedslagsfeltet til Høievassdraget. Dette er ein praksis som kjem i konflikt med ønske om å tryggja den opne kystlyngheia.

Dei siste åra har ein påvist ein auka lyngdød i distriktet (Hjeltnes 1997 s.7-8). Dette kan skuldast auka tilførsel av nitrogen og SO₂ som saman med alderdom fører til auka fare for frost- og tørkeskadar. Det er og påvist auka skadar av røsslyngbilla (*sp sp*)*^{***} i kystheia på Sørvestlandet. Dette viser og at det er nødvendig med forynging av lyngen.

7.1.2 Gjødsling

Som hovudregel bør det vera forbod mot gjødsling i verna kystheiar. Har likevel brenning og utvasking tappa økosystemet for næringsstoff bør det startast forsøk med forsiktig gjødsling med desse stoffa. Nitrogengjødsling er uaktuelt i denne samanhengen sidan nedfallet av nitrogen med nedbøren er stort på Sørvestlandet. Nitrogen frå nedbøren trugar i seg sjølv kystheia. Blåtopp ser ut til i større grad å utkonkurrera røsslyngen etter at nitrogentilførselen i heia har auka (Fremstad m.fl. 1991 side11).

Deler av utmarka er i dag gjødsla opp til kulturbeite. Ei vidare utviding av kulturbeitet er ikkje ønskeleg om ein skal halda vedlike lyngheia i nedslagsfeltet.

7.1.3 Bygging av hytter og hus

Høievassdraget har få inngrep og hytteutbygging har ikkje skapt konflikhtar med verneverdiane. Gardane har tidlegare frådelt ein del hytter, men desse kjem ikkje i konflikt med verneinteressene. Skal ein tryggja kulturlandskapet som ligg til grunn for vernet bør ein likevel unngå vidare frådeling, og heller stimulera til jordbruksdrift i området.

7.2 *Viltbiotop*

Situasjonen i dag inneber få trugslar for hekkeområdet for sårbare viltartar. Er det interesse for å leggja til rette for meir friluftsliv i nedslagsfeltet bør ein likevel ta omsyn til dette.

Det er ikkje ønskjeleg med vegutbygging i vassdraget eller utvikling av industri. Dette representerar i dag ikkje noko trussel for området.

7.3 *Vassdragsstrengen*

Høievassdraget inneheld få tekniske inngrep langs vassstrengen. Dette er i stor grad med på å auka verdien av vassdraget som eit typevassdrag der kulturlandskapsverdiar og er godt knytt til sjølve vassstrengen. Det er difor viktig å unngå tyngre tekniske inngrep som kan redusera verdien som ligg til grunn for vernet av vassdraget.

7.4 *Slåtteenger*

Partia av eldre slåtteenger som er funne i vassdraget ber preg av gjengroing, men dei inneheld framleis ein del karakteristiske artar frå tradisjonelle slåtteenger. Skal desse verdiane tryggjast er det naudsynt å få i gong skjøtsel av engene. Enkel slått vil i så måte vera nyttig, men ei planlagt skjøtsel med rydding av kratt i engene vil auka verdien av engene som kulturlandskap. Viktig er det og at engene ikkje vert særleg beita då dette raskt vil endra artsinventaret i engene.

8. LITTERATUR

1. Anundsen, Karl & Ivar Holst. 1987. Forslag til vern av kvartærgeologiske områder og forekomster i Rogaland. 129 sider.
2. Arkeologisk museum i Stavanger 1978. Fornminner i Rogaland 4 Tysvær gnr. 1-94.
3. Bjør og Graffer 1963. Beiteundersøkelser på skogsmark. - Forsk. fors. Landbr. 14: 121-365.
4. Bakken, T. 1982. Ferskvannsbiologiske undersøkelser i Storavatnet, Årvikselva og Sandvikvatnet i Tysvær. Rapp 43 Zool. Museum Bergen.
5. Bleken, Erik, Ivar Mysterud og Iver Mysterud. 1997. Skogbrann og miljøforvaltning. Side 61-65, 227-231.
6. Direktoratet for naturforvaltning 1995. Inngrepsfrie naturområder i Rogaland. Registrert med bakgrunn i avstand fra tyngre tekniske inngrep. status pr januar 1994. Målestokk 1:250.000. Statens kartverk.
7. Dybdal-Holthe, Nils 1990. Tysvær gard og ætt 1. Side 69-111.
8. Dybdal-Holthe, Nils og Arnvid Lillehammer 1993. Tysvær gard og ætt 3. Side 56-127.
9. Elven, Reidar. 1994. Norsk Flora - Johannes Lid og Dagny Tande Lid.
10. Fremstad, Eli. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. - NINA Temahefte 12: 1-279.
11. Fremstad, Eli, Per Arild Aarrestad, Arnfinn Skogen. 1991. Kystlynghei på Vestlandet og i Trøndelag. Naturtype og vegetasjon i fare. NINA utredning 29. Side 11.
12. Fylkesmannen i Buskerud. Miljøvern avdelingen 1989 Lyngbrenning som viltstelltiltak for lirype og orrfugl. *Rapp.* 2-89. Side 52-63.
13. Eide, Frøydís Gramstad og Aage Paus. 1982. Vegetasjonshistoriske undersøkelser på Kårstø, Tysvær Kommune, Rogaland. *Rapp. Bot. Inst., Univ. i Bergen* 23:1982. 45 sider.
14. Førland, E. Det norske meteorologiske institutt. 1993. Årsnedbør 1:2 mill. Nasjonalatlas for Norge, kartblad 3.1.1. Statens kartverk.
15. Hjeltnes, Arne 1994. Overvåking av kystlynghei, Rapport fra feltarbeidet i 1994 Tysvær kommune. 23 sider og 6 temakart.
16. Hjeltnes, Arne 1997. Overvåking av kystlynghei, sluttrapport. Side 13, 48-49, 52, 55, 57.
17. Kallevik, Daniel 1987. Gardshistorie for Stegabergrinsen. Side 5-91.
18. Karmøy Lyngsenter Vigsnes AS 1998a. Skjøtsel og revegetering av lyng og lynghei.
19. Karmøy Lyngsenter Vigsnes AS 1998b. Skjøtsel og revegeteringsplan for lyng og lynghei ved Toskatjørn og Steinsfjellet. 14 sider.
20. Moen, Bjørn, Harald Korsmo og Dag Svalastog 1992. Verneplan for barskog: regionrapport for Vest-Norge / Bjørn Moen. NINA utredning 031. Side 49-50.
21. NIJOS 1996. Lanskapskartet "Under-regioner" M: 1:250.000.
22. Norsk Ornitologisk Forening - Haugaland lokallag. 1987. Fuglelivet på Haugalandet. 61 sider.

23. Olje- og energidepartementet 1991. Verneplan for vassdrag IV. NOU 1991: 12A-B.
24. Regionplanrådet for Nord-Rogaland 1977. Verneverdige områder i Nord-Rogaland. 94 sider og 6 temakart.
25. Røsberg, Ingvald 1982. Karplanteflora og vegetasjon på Kårstø og Ognøy, Tysvær og Bokn kommuner i Rogaland. - Univ.Bergen, Bot.Inst.Rapp. 22, 2:1-155.
26. SFT. 1997. Overvåking av langtransportert forurenset luft og nedbør. Årsrapport - Effekter 1997. SFT-rapport 710/97. 197 sider.
27. SFT. 1998. Overvåking av langtransportert forurenset luft og nedbør. Overvåkingsprogram for skogskader. Sammendrag av årsrapporter 1997. SFT-rapport 735/98. 68 sider.
28. Steinnes, A. 1988a. Vern og skjøtsel av kystheiar i Rogaland. - Økoforsk 1988:11
29. Steinnes, A. 1988b. Oversikt over botaniske verneverdiar i Rogaland. - Økoforsk 1988:12
30. Steinnes, A. 1988c. Botanisk inventering av vestenden av Nord-Talgje, Finnøy, Rogaland, med forslag til skjøtselplan. - Økoforsk 1988:4.
31. Tysvær kommune. 1996. Viltområdekart for Tysvær kommune. Hjortevilt og Småvilt.
32. Tysvær kommune. 1996. Kommuneplanens Arealdel. Vedtatt mars 1999.

9.0 KRITERIUM OG VERDISETJING BRUKT I RAPPORTEN

<i>Inndeling av verneverdier</i>	<i>Fagområder brukt i VP I-IV, nå inkludert</i>	<i>Hovedkriterier</i>	<i>Støttekriterier</i>
Prosesser og former skapt av is og vann	Geofag Hydrologi Naturvern	H 01 Urørthet H 02 Historisk dokument H 03 Variasjon og mangfold H 04 Typiskhet H 05 Sjeldenhet, egenverdi	S 01 Sårbarhet S 02 Del av system S 03 Forskningsverdi S 04 Pedagogisk verdi
Biologisk mangfold	Botanikk Ornitologi Ferskvannsbiologi Vilt Fisk Naturvern	H 01 Urørthet H 06 Sårbarhet H 05 Sjeldenhet H 07 Variasjon og mangfold	S 05 Biologisk funksjon S 06 Arealstørrelse S 03 Forskningsverdi S 04 Pedagogisk verdi
Landskapsbilde*	Friluftstinteresser Geofag	H 08 Helhet H 09 Inntrykkstyrke H 07 Variasjon H 06 Sårbarhet	S 07 Urørthet S 08 Sjeldenhet eller særpreg S 09 Typiskhet S 10 Historisk dokument
Friluftsliv	Friluftstinteresser Jaktinteresser Geofag	H 01 Urørthet H 10 Opplevelse H 11 Egnethet H 12 Dagens bruk	S 11 Tilgjengelighet S 12 Naturkvalitet S 13 Kulturkvalitet
Kulturminner og -miljøer	Kulturverninteresser	H 01 Variasjon og mangfold H 02 Pedagogisk verdi H 03 Sjeldenhet H 04 Typiskhet	S 01 Bruksverdi S 02 Symbolverdi, identitetsverdi

9.1. Metode for utpeking og gradering av verdi

Hensikten og hovedmålsetningen med prosjektet er å peke ut de viktigste områdene innenfor de temaene som rapporten omfatter. Kriteriene brukes for å karakterisere og fange opp de delområder som har spesielle kvaliteter i nedslagsfeltet.

I tillegg brukes kriteriene til å foreslå en gradering av delområdets betydning i forhold til nasjonal, regional og lokal målestokk. Ofte vil den gjennom VVV-prosjektets foreslått verdien for et delområde/objekt falle ut som noe "høyere" sammenlignet med andre verdivurderinger som har vært gjort. I VVV-prosjektet har denne forskjellen vært begrunnet med at de enkelte vernede vassdragene har en egenverdi i nasjonal målestokk, ut fra at de enkelte vassdragene i verneplan I-IV, til sammen utgjør en helhet med betydning for å bevare et bredt spekter av norsk vassdragsnatur. Hensikten er at denne graderingen skal gi en pekepinn om delområdets betydning i sammenheng med verneplan for vassdrag I-IV som helhet. For nye VVV-prosjekter fra og med 1999, vil disse graderingsprinsippene evt. bli vurdert på nytt.

De arealer som er pekt ut skal i størst mulig utstrekning være i tilknytting til vassdragsnære arealer langs elv, vann og bekker. I tillegg kommer delområder med tilknytting til breer. Dersom enkelte kvaliteter som ligger utenfor de vassdragsnære arealene var viktige for at vassdraget ble vernet så er også disse delområder/objekter tatt med i oversikten over verdier.

Graderingsprinsipper:

Her er det blitt brukt en standardiseringsmetode som betyr at dersom et delområde kjennetegnes ved at et eller flere av kriteriene kan sies å være oppfylt/tilstede, ifølge definisjon ¹, så vil delområdet også gis en verdi. Verdien bestemmes da ut fra antallet hoved- eller oppfangingskriterier og antallet støttekriterier som kan brukes for å karakterisere delområdets friluft-, naturfaglige eller kulturfaglige kvaliteter.

1. Prosesser og former skapt av vann og is

*** *Nasjonalt viktig verdi*

- a) Minimum et hovedkriterium med nasjonal/internasjonalt kjente verdier,
- b) alternativt minimum tre hovedkriterier

** *Regionalt viktig verdi*

- a) To hovedkriterier + minimum et støttekriterium

* *Lokalt viktig verdi*

- a) Minimum et hovedkriterium.

¹ Definisjon av kriteriene finnes i "Dokumenterte verdier i verna vassdrag –En veileder for tilrettelegging og vurdering av informasjon" og som finnes hos fylkesmannens miljøvernavdeling.

2. Biologiske og økologiske verdier (biologisk mangfold)

******* *Nasjonalt viktig verdi*

- a) Et eller flere dokumenterte nasjonal/internasjonale verdier, eller
- b) Minimum to hovedkriterier + minimum to støttekriterier.

****** *Regionalt viktig verdi*

- a) To hovedkriterier.

***** *Lokalt viktig verdi*

- a) Minimum et hovedkriterium.

3. Landskapsbilde

******* *Nasjonalt viktig verdi*

- a) Minimum et hovedkriterium med nasjonal/internasjonale kjente verdier eller
- b) Minimum to hovedkriterier + minimum to støttekriterier.

****** *Regionalt viktig verdi*

- a) Minimum to hovedkriterier.

***** *Lokalt viktig verdi*

- a) Minimum et hovedkriterium.

4. Friluftsliv

******* *Nasjonalt viktig verdi*

- a) Et eller flere dokumenterte nasjonale/internasjonale verdier, eller
- b) Minimum 2 hovedkriterier + minimum et støttekriterie

****** *Regionalt viktig verdi*

- a) To hovedkriterier, eller
- b) Minimum to støttekriterier med regional verdi

***** *Lokalt viktig verdi*

- a) Minimum et hovedkriterie,
- b) Minimum et støttekriterie

5. Kulturminner og miljøer

Ikke aktuelt med verdivurdering i VVV-prosjektet, kun registrering

10.0 TEMAVISE KART MED OVERSIKT OVER DELOMRÅDE

På karta viser nummer til delområde (1 – 4) og objekt (5-14). Grenser for delområda er angitt på kartvedlegga 1, 3 og 4.

1. BIOLOGISK MANGFALD

Verdiar innan biologisk mangfald. Delområda og objekta er gitt gradert verneverdi: * Lokal verdi, ** regional verdi, *** nasjonal verdi, + potensiell/ikkje gradert verdi. Verdien knytt til kvart av kriteria er og gradert som Lokal, Regional, Nasjonal eller x-gradert.

Biologisk mangfald			Hovudkriterie				Støttekriterie			
Nummer	Navn delområde/ objekt	Gradering	Urørd	Sårbar	Særsyn	Variasjon	Biologisk funksjon	Arealstorleik	Forskningsverdi	Pedagogisk verdi
2	Sentral utmark	***		Z	Z			Z		

2. LANDSKAPSBILETE

Planta skog også avmerka

